



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Meld. St. 42

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 67. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar
av den 66. generalforsamlinga i FN



Innhald

1	Vurderande samandrag	5	2.23	Dødsstraff: frå utsetjing til avskaffing	15
2	Høgnivåveka i Generalforsamlinga	7	2.24	Kontinentalsokkelinitiativet	16
2.1	Generaldebatten	7	3	Tryggingrådet hausten 2012	17
2.2	FN-kommisjonen om livsviktige medisinar for kvinner og barn	8	4	Saker som gjekk direkte i plenum	18
2.3	Trygve Lie: Like rettar i nye demokrati	8	5	Dei seks faste komitéane	20
2.4	Rettsstatsprinsipp. Høgnivåmøtet	8	5.1	Internasjonal fred og tryggleik (1. komité)	20
2.5	Rettsstatsprinsipp. Kamp mot korrupsjon	9	5.2	Økonomiske og sosiale spørsmål (2. komité)	21
2.6	Rettsstatsprinsipp. Tilgangen til rettstryggleik for kvinner	9	5.2.1	Oppfølging av Rio-konferansen	21
2.7	Midtausten i FN. Felles ansvar for å redde tostatsløysinga	9	5.2.2	Rammeresolusjon om utviklingsaktivitetane i FN	22
2.8	Tryggingrådet: Midtausten	10	5.2.3	Finansiering for utvikling og makroøkonomiske spørsmål	22
2.9	Berekraftig utvikling. FNs plass i den internasjonale utviklingsdebatten	10	5.2.4	Andre saker	22
2.10	Generalsekretærens initiativ for berekraftig tilgang til energi ...	10	5.3	Menneskerettar (3. komité)	22
2.11	Sjulandsinitiativet for utanrikspolitikk og global helse	11	5.4	Politiske spørsmål (4. komité)	24
2.12	Utdanning først!	11	5.5	FN-budsjettet (5. komité)	25
2.13	Utdanning i krise og konflikt	11	5.6	Juridiske spørsmål (6. komité)	25
2.14	Kvinner, nedrusting og ikkje-spreiing	12	Vedlegg		
2.15	Korleis hindre valdtekt i krig?	12	1	Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 67. generalforsamling	27
2.16	Fredsbygging	13	2	Oversikt over Noregs innlegg under den 67. generalforsamlinga i FN	29
2.17	Toppmøte om Sahel	13	3	Noregs hovudinstruks til den 67. generalforsamlinga i FN	31
2.18	Minitoppmøte om Somalia	13	4	Programbudsjettet 2012–2013	34
2.19	Toppmøte om Sudan og Sør-Sudan	14	5	FN sine medlemsland og bidragsskalaen	35
2.20	Fredsmekling: ein god og billig investering	14	6	FN-systemet	41
2.21	Kjernevåpen og prøvestansavtalen	15	7	Forkortingar	42
2.22	Kampen mot kjernefysisk terrorisme	15			

Meld. St. 42

(2012–2013)

Melding til Stortinget

Noregs deltaking i den 67. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 66. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 14. juni 2013,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Vurderande samandrag

Det historiske vedtaket om å oppgradere Palestinas status i FN var ei av dei mest dominerande sakene under Generalforsamlinga i haust. Dette vedtaket inneber at Palestina framleis har observatørstatus i FN, men no som stat. Noreg stemte for vedtaket. Regjeringa vil vurdere søknadar om medlemskap til andre FN-organ på individuelt grunnlag.

Forholdet mellom ytringsfridom og respekt for religiøse verdiar sto sentralt under Generalforsamlinga. Bakteppet var dei valdelege reaksjonane i fleire muslimske land på filmen «Innocence of Muslims» i september. Spørsmålet prega òg generaldebatten og arbeidet med fleire av resolusjonane og vil venteleg prege arbeidet i FN også i den komande sesjonen.

Oppfølginga av Rio-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20) var ein gjengangar, ikkje minst fordi prosessen med å få peika ut ei mellom-

statleg arbeidsgruppe som skal definere nye berekraftsmål, tok uforsvarleg lang tid. Arbeidsgruppa er no nedsett, og vi ventar at ho vil vere i gang med å utarbeide konkrete berekraftsmål når den 68. generalforsamlinga vert innleidd i september i år. Generalforsamlinga har òg vore prega av at fristen for å nå tusenårsmåla nærmar seg, og at diskusjonen om framtidige utviklingsmål har byrja. Regjeringa meiner at prosessane med å utarbeide berekraftsmål og framtidige utviklingsmål må koordinerast og føre til eitt sett med mål.

Dei nordiske kandidatane Finland og Sverige tapte kampen om å kome inn i høvesvis Tryggingrådet og Menneskerettsrådet. Dette viser tydeleg at det er hard kamp om å få nøkkelverv i FN-systemet, og at land som ønskjer å vinne fram, må planleggje i god tid og stille nødvendige ressursar til rådvelde. For regjeringa er nordisk samarbeid viktig, og vi vil halde fram med å vidareutvi-

Noregs deltaking i den 67. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)
og vidareførte sesjonar av den 66. generalforsamlinga i FN

kle det nordiske samarbeidet, ikkje berre i samband med val til organ som Tryggingsrådet, Menneskerettsrådet, ECOSOC osv., men òg i fredsoperasjonar og samarbeid i styra i FN's fond og program.

Noreg fekk godt gjennomslag for sakene vi prioriterte, slik som kampen mot dødsstraff, FN's utviklingsaktivitetar, oppfølging av vedtak frå Rio-konferansen, fiskeri og mattryggleik, kvinner og likestilling, konsensusresolusjon om Myanmar og nye vegar for å fremje kjernefysisk nedrusting.

Dette viser at det er mogeleg å samle fleirtal eller verte samde om gode, nye og framtidsretta løysingar. Ein føresetnad er samarbeid på tvers av dei tradisjonelle gruppene – fastlåste gruppesystem er svært ofte ei hindring for å finne fram til gode løysingar i forhandlingsprosessar. Land med ytterpunktposisjonar får setje dagsordenen og gøymer seg bak gruppene sine. Vi vil vidareføre denne linja med strategisk samarbeid på tvers av dei tradisjonelle gruppeinndelingane på nokre utvalde område som er viktige for oss. Menneskerettar, global helse, fredsoperasjonar og då særleg kvinner, fred og tryggleik, konflikt-

løysing og fred og forsoning vil vere blant dei prioriterte områda.

Det er stor motstand mot djuptgripande reformer i Tryggingsrådet, og debatten om endringar i samansetjinga er fastlåst. I påvente av meir reformvilje har Noreg saman med likesinna land engasjert seg for å skape større openheit omkring det løpande arbeidet i Tryggingsrådet. Regjeringa meiner at Noreg godt kan gå i front for å ta ein diskusjon om reform av Tryggingsrådet.

Handlingsrommet til FN-sekretariatet er under press frå både sparelystne vestlege land og utviklingsland som vil detaljstyre sekretariatet. Nettopp budsjettkrise har ført til at gapet mellom vestlege land og utviklingslanda om både budsjett og administrative spørsmål har auka. Denne polariseringa har mellom anna påverka arbeidet i Spesialkomitéen for fredsbevarande operasjonar.

Årets tematiske høgnivåmøte under generaldebatten var om rettsstatsprinsipp. Det lukkast å kome fram til ei felles erklæring frå møtet, men utfordringa vert å sikre at rettsstatsprinsippa vert følgde opp av medlemslanda og integrerte i FN-arbeidet.

2 Høgnivåveka i Generalforsamlinga

Den ordinære sesjonen i Generalforsamlinga vert innleidd av generaldebatten, der dei fleste medlemslanda deltek på høgt politisk nivå. I margin av generaldebatten vert det arrangert ei rekkje tematiske høgnivåmøte og mange tosidige politiske samtalar. Høgnivåveka vert dermed ein termostatt for kva saker som opptek det internasjonale samfunnet, og bidreg til å setje dagsordenen for den multilaterale oppfølginga av desse sakene.

Nokre av høgnivåmøta er kalla saman av Generalsekretæren, medan det for andre er medlemslanda som har teke regien. Nokre av desse møta endar i framforhandla erklæringar der mykje av arbeidet er gjort på førehand. Andre møte har oppsummeringar frå møteleiaren som utfall, mens det òg vert halde møte og arrangement for å skape politisk merksemd omkring bestemte spørsmål. Noreg har sitt tradisjonelle arrangement som går under namnet Trygve Lie-symposiet.

2.1 Generaldebatten

Opninga av generaldebatten har fast regi. Debatten startar med ei utgreiing frå FN's generalsekretær, etterfølgd av innlegg frå presidentane i Brasil og USA. Deretter følgjer dei andre medlemslanda. Generalsekretær Ban innleidde med å oppmode leiarane i verda til å lytte meir til si eiga befolkning. I ei verd med stadige endringar hastar det med å finne løysingar på globale utfordringar, og tida er ikkje på vår side. Generalsekretæren understreka at han vil gjere sitt beste for å sikre eit mest mogeleg effektivt FN, og han åttvara medlemslanda mot unødig detaljstyring av FN-sekretariatet.

Brasils president Dilma Rousseff vigde stor merksemd til likestilling og styrking av stillinga til kvinner, mens innlegget til president Obama fokuserte på kampen mot ekstremisme. Begge statsleiarane kom òg inn på andre sentrale spørsmål, som utviklinga i Syria. Nettopp tragedien i Syria var ein gjengangar i dei fleste innlegga som vart haldne, og eit klart fleirtal fordømte tydeleg Assad-regimet. Det kom òg fram kritikk av Tryg-

gingsrådet for ikkje å ha evna å følgje opp krisa på ein god måte. I det norske hovudinnlegget oppmoda utanriksminister Espen Barth Eide Tryggingrådet til å vise nødvendig leiarskap og handlekraft. Spørsmålet om leiarskap var ein raud tråd i talen til utanriksministeren. Han peika på at leiarar som misbruker makta si og set eigne privilegium framfor rettane til folket, må stå til ansvar for dette. Utanriksminister Eide uttrykte sterk støtte til reforminitiativet frå Generalsekretær Ban og følgde opp oppmodinga frå Generalsekretæren til medlemslanda om å avstå frå utidig innblanding i drifta av FN-sekretariatet.

Utanriksministeren kom òg inn på den skøyre fredsprosessen i Midtausten og åttvara mot at tida var i ferd med å renne ut for ei tostatsløyning. Svært mange land kom inn på vanskaner med å få i gang forhandlingar mellom Israel og Palestina. Israel vart gjennomgåande kritisert for busetjingspolitikken på okkuperte palestinske område. Den tydelegaste kritikken vart naturleg nok uttrykt av president Abbas og i innlegga frå arabiske land. Israels statsminister Benjamin Netanyahu tilbakeviste denne kritikken, men vigde storparten av innlegget sitt til å åttvara mot Irans kjernefysiske aktivitetar. Iran på si side retta sterk kritikk mot ein vestleg leidd verdsorden, men lét denne gongen vere å kome med ytringar som tidlegare har provosert mange land til å forlate salen. Dette skuldast delvis at Iran òg talte i eigenskap av å vere president for den alliansefrie rørsle (NAM). Land som USA, Canada og Israel hadde på førehand annonsert at dei ikkje ville vere til stades når Irans president talte.

Sjølv om generaldebatten er prega av mange og til dels motstridande ytringar, kan ikkje debatten under Generalforsamlingas 67. sesjon karakteriserast som spesielt polarisert. Utanom Syria og Midtausten vart eit breitt spekter av andre spørsmål omtalt. Mange land kom inn på forventningane til oppfølginga av Rio-konferansen om berekraftig utvikling og på at det berre sto att tre år for gjennomføringa av FN's tusenårs mål for utvikling. Fleire kom inn på klimaspørsmål, og dei små øystatane var tydelege i kritikken av at det går for treigt i kampen mot klimaendringane.

Forholdet mellom ytringsfridom og blasfemi var eit gjennomgangstema som i nokon grad òg prega resten av den ordinære sesjonen i Generalforsamlinga. Bakteppet var filmen «Innocence of Muslims» med sterk kritikk av islamske verdier, som vart etterfølgt av kraftige demonstrasjonar i fleire muslimske land. Somme vestlege land peika på at toleranse og respekt var nært knytte opp til kvarandre, men at vald likevel ikkje kan rettferdiggjerast sjølv om ein føler seg krenkt.

Mange land talte òg om behovet for å reformere FN, mellom anna Tryggingrådet, for å gjere verdsorganisasjonen betre rusta til å møte dagens utfordringar. Likevel er det framleis stor forskjell på kva endringar medlemslanda meiner må til for å gjere FN meir handlekraftig. Dette gjaldt særleg i spørsmålet om utviding av Tryggingrådet, der haldningane til medlemslanda såg ut til å vere fastlåste. Spørsmålet om openheit omkring arbeidsmetodane til Tryggingrådet er òg omstridt.

Fleire medlemsland kom inn på likestilling og rolla kvinner spelar for fred og tryggleik, og nettopp likestilling og kjønnsperspektiv kom til å prege fleire av dei faste komitéane i Generalforsamlinga. Det same gjaldt menneskerettssituasjonen i fleire land. Oppfølging av Rio-konferansen om berekraftig utvikling og Midtausten-spørsmålet vart òg gjengangarar.

2.2 FN-kommisjonen om livsviktige medisinar for kvinner og barn

Som eit bidrag til arbeidet for å nå tusenårsmåla la statsminister Stoltenberg under høgnivåveka fram ein rapport frå FN-kommisjonen om livsviktige medisinar for kvinner og barn, som han har leidd saman med Nigerias president Goodluck Jonathan.

Rapporten gjev ti tilrådingar for korleis det skal verte enklare og billegare å få tak i 13 livsviktige medisinar i lavinntektsland. Dersom desse råda vert følgde, kan det redde millionar av liv.

Samtidig presenterte statsminister Stoltenberg saman med Bill Clinton det første konkrete resultatet av arbeidet til kommisjonen. I samarbeid med Storbritannia, Sverige, USA, Children's Investment Foundation Fund (CIFF) og Clinton Health Access Initiative har Noreg fått til ein avtale med medisinprodusenten Bayer om å halvere prisen for p-pinnar (prevensjonsimplantat) for kvinner i fattige land. P-pinnen er ein av dei 13 medisinarne kommisjonen har omtalt. Han skal setjast inn i armen og hindrar graviditet i opptil

fem år. Med m.a. norsk støtte skal tilrådingane frå kommisjonen gjennomførast i dei 49 fattigaste landa i verda. I 2013 byrjar arbeidet i sju land.

2.3 Trygve Lie: Like rettar i nye demokrati

Utanriksminister Espen Barth Eide leidde det femte årlege Trygve Lie-symposiet om grunnleggjande fridomar i New York. Temaet for møtet i år var inkludering av kvinner og minoritetar i overgangen til demokrati. Paneldeltakarane var Maria Otero (USAs viseutanriksminister), Louise Arbour (president i International Crisis Group), Vidar Helgesen (generalsekretær for International Idea), Alaa Murabit (grunnleggjar og president for Voice of Libyan Women) og Esraa Abdel Fatah (medgrunnleggjar av 6. april-rørsla i Egypt).

Utanriksminister Eide understreka at demokrati må vere meir enn fleirtalsstyre, meir enn ei teknisk øving og meir enn å gjennomføre val. Det må vere reell respekt for minoritetar og høve for kvinner til å ta del i samfunnet. Han sa at demokrati djupast sett ikkje handlar om fridomen til å stemme, men til å delta i å forme samfunnet.

Paneldeltakarane understreka kor viktig det er at lokale organisasjonar og sivilt samfunn deltek i overgangsprosessane. Internasjonale aktørar må ikkje presse fram ferdige løysingar i land i overgang. Likevel finst det òg grunnleggjande faktorar som er nødvendige for at overgangsprosessar skal lukkast. Respekt for grunnleggjande menneskerettar og inkludering av kvinner og minoritetar er noko av det viktigaste.

Panelet la òg vekt på at det er behov for kvotering av kvinner for å leggje til rette for at kvinner kan delta aktivt. Dette må likevel sjåast på som ein inngang til endring, ikkje ei løysing i seg sjølv, understreka fleire i panelet. Den grunnleggjande endringa for at kvinner kan delta, kjem først når kvinnene sjølve organiserer seg og krev sin del av makta.

2.4 Rettsstatsprinsipp. Høgnivåmøtet

FNs generalforsamling vedtok i 2011 at det skulle haldast eit høgnivåmøte om rettsstatsprinsipp (Rule of Law, RoL) under den 67. generalforsamlinga. Generalsekretær Ban sette tonen for høgnivåmøtet med å understreke at rettsstatsprinsipp er grunnleggjande for FN, og at desse må pleiast kontinuerleg. Ban understreka at ingen statar kan

ta rettstryggleiken frå innbyggjarane sine. Han viste til den omfattande innsatsen FN har gjort i felt, og avslutta med at det var i alles interesse å slå ring om og styrkje desse grunnleggjande prinsippa vidare.

Sjølv om debatten langt frå vart så polarisert som frykta, reflekterte dei 76 innlegga ulike tilnærmingar til rettsstatsprinsipp. Som uttrykk for misnøye med oppfølginga av prinsippa på internasjonalt nivå vart det frå fleire land i den alliansefrie rørsla (NAM) retta kritikk mot Tryggingrådet og innverknaden dei fem faste medlemene hadde gjennom vetoretten. Like fullt understreka dei fleste av innlegga behovet for at samfunn var bygde opp på velfungerande rettsstatsprinsipp, og mange delte sine nasjonale erfaringar, mellom andre Sør-Sudan. Det var òg positivt at mange land la vekt på kor viktige den internasjonale straffedomstolen (ICC) og kampen mot straffri-dom er. Dette var òg ein sentral bodskap i det nordiske innlegget som vart framført av Finlands president Sauli Niinistö. Han understreka òg at rettsstatsprinsipp var høgst relevante for dei tre hovudpilarane i FN: fred og tryggleik; internasjonal rettsorden, menneskerettar og likestilling; miljø, sosiale og økonomiske saker. Forhandlingane om slutterklæringa som vart vedteken på høgnivåmøtet, var tidkrevjande pga. usemje om innhaldet i omgrepet rettsstatsprinsipp. Det vart til slutt semje om ein tekst som m.a. legg vekt på menneskerettar og kampen mot korrupsjon. Erklæringa stadfestar at rettsstatsprinsipp må koplust til fred og tryggleik, menneskerettar og utvikling. Ikkje alle var like nøgde med teksten, noko land som Cuba, Venezuela, Nicaragua og Bolivia nytta høvet til å understreke.

I samband med høgnivåmøtet var medlemslanda inviterte til å gje tilsegn om støtte til det vidare arbeidet. Noreg har forplikta seg til å støtte opp om innsatsen FN gjer for å fremje rettsstaten. Det vert arbeidd vidare med å operasjonalisere utfallet av høgnivåmøtet i FN-samanheng. Ein stor del av denne diskusjonen fann stad i Generalforsamlingas 6. komité (folkerett), men vestlege land (mellom dei Noreg) la vekt på at rettsstatsprinsipp var eit tverrgåande tema som må løftast opp i plenum. Russland og ein del NAM-land sette seg imot – og set seg framleis imot – dette, då dei ikkje ønskjer at RoL skal vere eit prioritert område for FN. Dei hevdar at RoL på nasjonalt nivå er ei intern sak. Ei viktig prioritering for Noreg har vore å støtte opp om ulike initiativ for å sikre at FN-systemet i større grad trekkjer i same retning for å støtte opp om rettsstatsprinsipp i land som nettopp har kome seg ut av væpna konflikt.

2.5 Rettsstatsprinsipp. Kamp mot korrupsjon

I tillegg til høgnivåmøtet om rettsstatsprinsipp vart det arrangert eit møte om forholdet mellom kampen mot korrupsjon og økonomisk vekst. Gjennomgangstonen på møtet var at jo sterkare rettsstat eit land har, jo betre rusta mot korrupsjon og andre former for økonomisk kriminalitet er det. Fleire peikte på at korrupsjon i seg sjølv undergrev demokrati og sosial og økonomisk utvikling. Det kom inga oppfølging eller slutterklæring frå møtet. FNs visegeneralsekretær Jan Eliasson la vekt på tre forhold:

1. Korrupsjon må løftast opp på utviklingsdagsordenen.
2. Det må utviklast etiske verdiar som gjer samfunn meir motstandsdyktige mot korrupsjon.
3. Det må utviklast ein sterkare partnerskap mellom styresmakter og privat sektor.

2.6 Rettsstatsprinsipp. Tilgangen til rettstryggleik for kvinner

Det vart òg halde eit møte om tilgangen til rettstryggleik for kvinner. FNs generalsekretær Ban la i si innleiing stor vekt på at kvinner må delta på alle samfunnsområde, spesielt innanfor rettsvesen og politi. Han trakk fram dei gode erfaringane FN har hausta ved å ha kvinneleg politi med i fredsoperasjonane, slik som i Liberia. Nobelfredsprisvinnar Shirin Ebadi fokuserte i sitt innlegg på seksualisert vald, omskjering og menneskehandel og trakk fram behovet for å leggje meir til rette for at kvinner kan delta i det politiske livet for å kjempe mot desse plagene. Eit anna viktig element var å gje kvinner større økonomisk sjølvstende gjennom tiltak som mikrokredittar. Ho var òg svært oppteken av utdanning og av å motverke mistolking av religiøse tekstar. Vald mot kvinner og dermed behovet for å styrkje rettstryggleiken for kvinner var hovudtemaet for sluttinnlegget til leiaren for UN Women, Michelle Bachelet.

2.7 Midtausten i FN. Felles ansvar for å redde tostatsløyninga

På same måten som tidlegare år arrangerte Noreg, med FN-sekretariatet som vertskap, eit møte i gjevarlandsgruppa for palestinarane (AHLIC) rett før den formelle opninga av høgnivåveka. Møtet vart leidd av utanriksminister

Espen Barth Eide. Deltakarar var Palestinas finansminister Nabil Kassis, Israels viseutanriksminister Danny Ayalon, EUs høge representant for utanrikssaker Catherine Ashton, utsending for kvartetten Tony Blair og representantar frå sentrale gjevarland. På møtet kom det klart fram at etter tre år med styrking av palestinske institusjonar og sterk økonomisk vekst står palestinarane no overfor ei akutt økonomisk krise. Møtet drøfta korleis det palestinske statsbyggingsprosjektet likevel kan førast vidare. På møtet understreka utanriksminister Eide at vi har eit felles ansvar for å bidra til at tostatsløyninga vert ein realitet. Gjevarlandsgruppa oppretthaldt konklusjonen om at palestinske styresmakter er institusjonelt klare til å danne ein palestinsk stat.

Palestinas status i FN viste seg òg å verte eit av dei mest synlege spørsmåla under Generalforsamlinga. Dette synta seg under generaldebatten og ikkje minst i det historiske vedtaket i slutten av november 2012 om oppgradering av Palestinas status til observatørstat i FN's generalforsamling

2.8 Tryggingrådet: Midtausten

Den tyske presidentskapen i Tryggingrådet arrangerte under høgnivåveka eit utanriksministermøte om utviklinga i Midtausten og forholdet til Den arabiske ligaen. Møtet vart innleidd av generalsekretær Ban. Han var uroa over stillstanden i den israelske-palestinske fredsprosessen, der utsiktene til ei tostatsløyning er svekte. Utviklinga i Syria har etter kvart vorte ein trussel mot fred og tryggleik i regionen, som vert forsterka av uvisse omkring atomvåpen. Det er derfor viktig at FN har styrkt samarbeidet med ein regional institusjon som Den arabiske ligaen. Ban roste organisasjonen for å ha teke innover seg rekkjevidda av den arabiske våren på eit tidleg tidspunkt.

Generalsekretæren i Den arabiske ligaen Nabil Elaraby var òg oppteken av å styrkje samarbeidet med FN med regelmessige møte. Debatten etterpå kom inn på mange utfordringar for regionen og verdien av Den arabiske ligaen i den vidare oppfølginga. Utfallet av møtet var ei fråsegn som nettopp tek til orde for eit styrkt samarbeid mellom FN og ligaen, men utan å konkretisere dette nærare. Dette skuldast at nokre av dei faste medlemene i Tryggingrådet var kritiske til måten Den arabiske ligaen hadde handtert krisa i Syria på.

2.9 Berekraftig utvikling. FNs plass i den internasjonale utviklingsdebatten

Utviklingsminister Heikki E. Holmås deltok under høgnivåveka på eit ministermøte om FN's rolle i den internasjonale utviklingsdebatten, mellom anna rolla til FN's økonomiske og sosiale råd (ECOSOC). Fleire land, FN's generalsekretær og presidentane for både FN's generalforsamling og ECOSOC meinte at ECOSOC måtte få ei sentral rolle i oppfølginga av FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20).

Under debatten vart spørsmålet reist om FN evnar å ta opp dagsaktuelle saker, og det vart peika på at FN må betre seg på dette området viss organisasjonen skal verte oppfatta som eit interessant forum for internasjonal debatt om utviklingspolitikk. Mange meinte at det er viktig å trekkje med frivillige organisasjonar, næringslivet og forskarar i arbeidet i FN. Utviklingsminister Holmås framheva verdien av ei meir rettferdig fordeling av ressursane i verda i og mellom land. Han sa at land med høg økonomisk vekst må fordele denne veksten betre, og FN bør vere ein viktig aktør i kampen mot fattigdom og mot klimaendringar. FN's generalsekretær Ban Ki-moon la i sitt innlegg vekt på fem saker: sysselsetjing (særleg ungdomsarbeidsløyse), etterleving av bistandsforpliktingane, matvaretryggleik, inkluderande grøn vekst og handelspolitikk. Ministermøtet skal følgjast opp av ECOSOC sommaren 2013.

2.10 Generalsekretærens initiativ for berekraftig tilgang til energi

Generalsekretær Ban Ki-moon har i 2012 teke eit initiativ for å sikre berekraftig tilgang til energi (SE4ALL) der Noreg er ein aktiv støttespelar. Under høgnivåveka føretok han ei formell lansering av initiativet, som omfattar tre målsetjingar som alle skal vere oppnådde innan 2030: allmenn tilgang til moderne energi for alle, dobling av delen fornybar energi i det samla energiforbruket og dobling av forbetringa av energieffektiviteten. For å drive arbeidet vidare skal det etablerast eit rådgjevande utval leidd av FN's generalsekretær og presidenten for Verdsbanken, eit styre (utviklingsministeren deltek i dette) og eit sekretariat i Wien. Arbeidet skal leiast av den noverande generalsekretæren i FN's industrielle organisasjon UNIDO, Kandeh Yumkella, som òg er utpeikt som Generalsekretærens spesialrepresentant for berekraftig energi. Noreg vil støtte initiativet gjennom

regjeringas energi- og klimainitiativ Energy+. Holmås understreka kor viktig det er å styrkje bandet mellom offentleg og privat sektor i det vidare arbeidet. Han framheva Noregs eigne erfaringar med utvikling av vasskraft. Vidare understreka han verdien av å halde dei tre måla samla, i tillegg til at det var viktig å leggje til rette for grøne investeringar for å bidra til å løyse klimautfordringane. På lanseringsmøtet vart det uttrykt brei støtte til initiativet, og mange framheva partnerskapen mellom FN og Verdsbanken som heilt unikt. FN har òg vedteke eit tiår for berekraftig energi. Noreg og Danmark har etablert ei «vennegruppe» i New York for å støtte opp om energiarbeidet innanfor FN. I sum har SE4ALL-arbeidet vore svært vellukka, og det er lagt eit godt grunnlag for vidare satsing. Under den tematiske konsultasjonen om energi og dei framtidige utviklingsmåla, som munna ut i eit høgnivåmøte i Oslo i april 2013, var deltakarane einige om at prinsippa for SE4ALL skulle leggjast til grunn for eit framtidig mål om energi på den nye utviklingsdagsordenen. I tida framover kjem regjeringa til å vidareføre arbeidet med å skape konsensus om dette.

2.11 Sjulandsinitiativet for utanrikspolitikk og global helse

I 2006 tok Noreg og Frankrike initiativet til sjulandsgruppa om utanrikspolitikk og global helse der også Brasil, Indonesia, Senegal, Sør-Afrika og Thailand deltek. Under høgnivåveka møttest representantar for dei sju landa for å drøfte kva plass helse skal ha på den internasjonale utviklingsdagsordenen etter at FN's tusenårsmål skal vere nådde innan utgangen av 2015.

Det var semje om å fokusere på å nå tusenårsmåla for helse dei tre siste åra før 2015, men òg om at det er viktig å jobbe fram nye utviklingsmål for helse. Utanriksminister Eide påpeikte at sjulandsgruppa måtte fremje helse overalt der dei nye måla for berekraftig utvikling vert drøfta. Spørsmålet om universell helsedekning og kva ansvar landa har for å tilby dette, stod her sentralt. Fleire i gruppa understreka at det er viktig med allmenn tilgang til helsetenester, ikkje berre for helsa til folk, men òg i kampen mot fattigdom og for berekraftig vekst.

Sjulandsgruppa følgde seinare hausten 2012 opp med ein resolusjon i FN's generalforsamling om universell helsedekning i eit utanrikspolitisk perspektiv. Etter kompliserte forhandlingar, særleg når det gjaldt omtalen av seksuelle og repro-

duktive rettar, vart resolusjonen vedteken i desember 2012 utan votering og med heile 91 land som gav si støtte (co-sponsors). Sjulandsgruppa vil òg i 2013 fremje ein resolusjon for FN's generalforsamling som tek opp samanhengen mellom utanrikspolitikk og global helse.

2.12 Utdanning først!

FN's generalsekretær Ban Ki-moon lanserte under høgnivåveka utdanningsinitiativet «Education First» som handlar om tilgang til utdanning, kvalitet og verdiformidling. Initiativet vil bidra til engasjement, politisk støtte og finansiering av utdanning. Initiativet har samla inn 1,5 milliardar amerikanske dollar, og privat sektor deltek i dette spleiselaget. Behovet er likevel enormt mykje større. Det manglar 24 milliardar amerikanske dollar kvart år i tilleggsfinansiering for å tilby barne- og ungdomsskule til alle. Ban understreka at utdanning for alle er grunnleggjande for å oppnå dei andre tusenårsmåla.

Australia, Bangladesh, Sør-Afrika, Aust-Timor og Danmark var blant landa som lova å styrkje innsatsen for utdanning. 61 millionar barn og 71 millionar unge står i dag utan skuleplass. Aung Sang Suu Kyi sa i sitt innlegg at utdanning hadde vore nedprioritert i Myanmar fordi dei militære ikkje ønskte kritisk tenking. Det befolkninga hadde mest behov for å lære no, var å stille spørsmål, meinte ho.

Holmås opna for at den delen av den humanitære støtta som går til utdanning, må aukast, og at skular i konfliktområde må sjåast på som fredsoner. Viss vi står saman og tilbyr utdanning til barn i konfliktsituasjonar, vil barna stå sterkare rusta til å vekse og utvikle seg sjølve – også når krigen er over, understreka han.

2.13 Utdanning i krise og konflikt

Utviklingsministeren leidde eit internasjonalt møte om utdanning i land som er ramma av konflikt og humanitære kriser. Generalsekretærens spesialutsending for utdanning, den tidlegare britiske statsministeren Gordon Brown, opna med å påpeike at ingen tema er viktigare enn utdanning i krise og konflikt. Difor må FN's generalforsamling ta tak i dette spørsmålet.

Verdsbanken viste til at det er tre gonger så sannsynleg at barn i krise og konfliktsituasjonar ikkje går på skule samanlikna med andre barn. Fleire kom inn på den kritiske situasjonen i Syria

der skular vert brukte som flyktningmottak. Over 2000 skular er øydelagde, og skuletilsette er drepne. Liberias utdanningsminister viste til at landet opplevde å få ein «tapt generasjon» med barn som ikkje fekk utdanning.

Holmås framheva at kriser ofte er langvarige, som i Somalia og dei palestinske områda. Difor kan vi ikkje vente med å utdanne barn til krisa er over. Utviklingsministeren, med støtte av UNICEF og Redd Barna, oppmoda til å trekkje lærdom av initiativ som «Skular som fredssoner» i Nepal, der dei stridande partane vart samde om å verne både skular og skuleveggar for å sikre at barna framleis skulle kunne gå på skulen. Det kom vidare fram under møtet at berre 2 prosent av den humanitære støtta går til utdanning, og at denne delen minst må fordoblast.

2.14 Kvinner, nedrusting og ikkje-spreiing

Trinidad og Tobago inviterte til toppmøte om å styrkje rolla kvinner spelar for nedrusting og ikkje-spreiing av atomvåpen. Tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik handlar om å engasjere kvinner sterkare i alle delar av tryggingspolitikken. Mykje er gjort på dette feltet, men mykje står framleis att, mellom anna på nedrustingsområdet. Utanriksminister Eide heldt eit av hovudinnlegga og støtta opp om å styrkje likestillinga på nedrustingsområdet. Han viste til viktige erfaringar frå humanitær nedrusting, der kvinner spelte ei særskild aktiv rolle i å få forhandla fram minekonvensjonen og klasevåpenkonvensjonen. Andre talarar var utanriksministrane i Trinidad og Tobago, Jamaica og Australia, FNs høgrepresentant for nedrusting Angela Kane og Anna McDonald, som er ansvarleg for rustingskontroll i hjelpeorganisasjonen OXFAM. Dei undertekna ei erklæring der dei forpliktar seg til å styrkje deltakinga for kvinner i prosessar for rustingskontroll.

Trinidad og Tobago følgde opp denne erklæringa med å leggje fram ein resolusjon under generalforsamlingas 1. komité, der landet tok til orde for ein langt sterkare likestillings- og kvinneprofil innan nedrusting og ikkje-spreiing. Noreg støtta aktivt opp om denne resolusjonen, medan Iran og Syria prøvde å vatne han ut. Heldigvis fekk ikkje desse to landa gjennomslag, og ein sterk resolusjon vart til slutt vedteken utan avstemming.

2.15 Korleis hindre valdtekt i krig?

Utanriksminister Barth Eide var blant innleiarane då Storbritannias utanriksminister William Hague inviterte til høgnivåmøte om førebygging av valdtektar i krig og konflikhtar og rettferd for ofra. Hague lanserte i mai 2012 «Preventing Sexual Violence Initiative». Han forplikta seg til å få med dei åtte leiande industrinasjonane i verda – Frankrike, Japan, Tyskland, Storbritannia, USA, Italia, Canada og Russland (G8) – så snart Storbritannia tok over formannskapet i G8 i 2013.

Leiaren for UN Women, Michelle Bachelet, la vekt på politisk og økonomisk deltaking for kvinner. Nobelprisvinnar Leymah Gbowee frå Liberia trakk fram grasrotorganisasjonane og kvinnene på bakken. Det er dei som kan gjere ein forskjell og få støtte frå det internasjonale samfunnet. Nok ein nobelprisvinnar, Jody Williams, snakka om si eiga erfaring med seksuelle overgrep og mana til sterkare ansvarleggjering av overgriparane. Ho viste til den globale kampanjen mot valdtekt i krig, inspirert av kampanjane mot miner og klaseammunisjon. I løpet av debatten vart det understreka at fredsbevarande militært personell må få opplæring og trening for å kunne førebyggje og beskytte mot seksualisert vald, og at fleire kvinner må inkluderast blant militært personell og politi. Bosnias utanriksminister sa at den ferske historia landet har, forplikta dei til å jobbe internasjonalt mot seksualisert vald.

Utanriksminister Eide viste til at historia frå Bosnia no gjentek seg i Syria. Han understreka at valdtekt i krig er eit brotsverk og et tryggingsspørsmål. Han la vekt på at både menn og kvinner i alle samfunn må engasjere seg for å bidra til ending. Human Rights Watch trekte fram at kvinner i liten grad deltek i fredsprosessar, og viste òg til den godt dokumenterte seksuelle valden i Syria. FNs nye spesialrepresentant mot seksualisert vald, Zainab Hawa Bangura, sa at nasjonale og lokale nivå må engasjerast i større grad, og at fordommane må flyttast frå ofra til overgriparane. Det som nok likevel best vert huska frå debatten, var orda til ein lege ved Panzi-sjukehuset i DR Kongo som oppmoda det internasjonale samfunnet om å vere modige: «Vår sivilisasjon bevegar seg bakover. Ikkje berre på grunn av valdtektene som held fram i DR Kongo og Syria, men på grunn av den vedvarande passiviteten frå det internasjonale samfunnet.»

2.16 Fredsbygging

Bangladesh leidde i 2012 FNs fredsbyggingskomisjon (PBC) og arrangerte eit høgnivåmøte som vedtok ei erklæring som understrekar kor viktig fredsbygging er for sikre varig fred og berekraftig utvikling. Eit positivt trekk ved denne erklæringa er ho legg vekt på rolla kvinner spelar for å førebyggje konflikhtar og støtte opp om vanskelege fredsprosessar. Fleire land understreka at likestilling er viktig for varig fred. Det var òg den sentrale budskapet til utviklingsminister Heikki E. Holmås. Han framheva vidare verdien av samordna FN-innsats i å hjelpe land som går gjennom vanskelege fredsprosessar. Den verkelege testen er om FN faktisk kan gjere ein forskjell for dei aktuelle landa og befolkninga der. Eit tredje poeng var å få nok ressursar til fredsbygging. Holmås annonserte at Noreg vil bidra med 30 millionar kroner til FNs fredsbyggingsfond i 2012. Generalsekretær Ban fokuserte på nasjonal eigarskap, likestilling og kamp mot korrupsjon og på at FN opptre langt meir einsarta på landnivå.

Noreg har i dei siste åra vore med i styret (organisasjonskomitéen) for PBC og fokusert landinnsatsen mot Burundi og Liberia. Desse to landa ser ut til å bevege seg i rett retning, sjølv om det framleis står att store utfordringar. I organisasjonskomitéen har Noreg argumentert for eit sterkare engasjement for å få kvinner involvert i fredsbygging og for at fredsbyggingskommisjonen må verte endå flinkare til å spele på lag med resten av FN-systemet. Vi har òg lagt vekt på kor viktig det er å gå nye vegar i ressursmobilisering, og på at land som er på veg ut av konflikt, må ta eit krafttak for å skaffe seg egne inntekter gjennom mellom anna skattlegging.

2.17 Toppmøte om Sahel¹

Utviklingsminister Heikki E. Holmås representerte Noreg på toppmøtet om Sahel som vart leidd av FNs generalsekretær Ban Ki-moon. Møtet samla regjeringssjefar, statsrådar og representantar for landa i den afrikanske Sahel-regionen, internasjonale og regionale organisasjonar og gjevarar. Ban Ki-moon lanserte FNs integrerte strategi for Sahel, ein strategi som tek mål av seg til å koordinere og styrkje innsatsen for tryggleik og

stabilitet i regionen. Det står framleis att å formulere og konkretisere innhaldet i strategien.

Sahel er prega av ei rekkje utfordringar knytte til klimaendringar og matvarekriser, fattigdom og skøyre statar, politisk uro og organisert kriminalitet. Gjevarland som USA, EU og Noreg gav si fulle støtte til ein slik FN-strategi, lova bistand og helste vedtaket frå Ban Ki-moon om å utnemne ein spesialrepresentant for Sahel velkome. Utviklingsminister Holmås la i innlegget sitt vekt på rolla kvinner spelar i utviklingssamanheng og vigde òg situasjonen i Mali stor merksemd. Han understreka at krisa i Mali var symptomatisk for utfordringane og trua stabiliteten i regionen.

Frankrikes president Hollande og USAs utanriksminister Clinton peikte begge på faren for spreiding av terrorisme. Situasjonen kravde engasjement frå nabolanda i regionen og det internasjonale samfunnet. Førespurnaden frå Mali til Den økonomiske samarbeidsorganisasjonen for vestafrikanske statar (ECOWAS) om å sende ein militær stabiliseringsstyrke for å sikre Bamako og hjelpe den maliske hæren med å vinne tilbake dei nordlege områda frå islamistgrupper vart møtt med brei støtte frå det internasjonale samfunnet. Utviklinga i Mali stod sentralt i Tryggingrådet hausten 2012 og våren 2013. I desember vedtok Tryggingrådet å opprette den afrikanske innsatsstyrken AFISMA, som skulle ha til oppgåve å hjelpe maliske styrkar i kampen mot terrorgrupper i den nordlege delen av landet. Dette viste seg likevel at dette ikkje var tilstrekkeleg for å demme opp for ekstremistoffensiven sørover, noko som i januar 2013 førte til ein fransk militær intervensjon på oppmoding frå maliske styresmakter. Tryggingrådet støtta intervensjonen, som var meint å vere kortvarig. Denne utviklinga resulterte samtidig i ei kraftig akselerering av utplasseringa av AFISMA. I lys av dei vedvarande utfordringane i landet arbeidde Tryggingrådet våren 2013 med å få plass ein FN-leidd stabiliserings- og fredsbevaringsstyrke i landet. Den mest aktuelle modellen ser ut til å vere ein integrert FN-leidd fredsoperasjon, støtta av ein parallell separat styrke leidd av Frankrike. Kapittel VII-mandat er venta innan utgangen av april, med påfølgjande gjennomføring så snart situasjonen tillèt det.

2.18 Minitoppmøte om Somalia

Somalia har i 2012 teke viktige skritt for å skape fred og stabilitet i landet gjennom ei ny grunnlov, val av nytt parlament og utpeiking av en ny president. Trass i desse positive skritt er den politiske

¹ Historisk omfattar Sahel-landa Senegal, Mauritania, Mali, Burkina Faso, Niger, Nigeria, Tsjad, Sudan, Etiopia, Eritrea, Djibouti og Somalia. I denne samanhengen meiner vi først og fremst Mauritania, Mali, Burkina Faso, Niger og Tsjad.

overgangsprosessen framleis i ein kritisk fase. Generalsekretær Ban kalla difor saman fleire ministrar til eit minitoppmøte under høgnivåveka om vegen vidare for Somalia.

Møtet vedtok ei erklæring som støttar opp om den lovande prosessen. Samtidig stiller erklæringa klare krav til somaliske styresmakter om å utvikle ein rettsstat, sikre demokrati og respekt for menneskerettar og ikkje minst styrkje kvinners rettar. Somalias president var sjølv med via videolink frå Mogadishu og forplikta seg eintydig til å skape ei betre framtid for Somalia og eit nytt politisk klima i landet. Dei påfølgjande innlegga spegla budskapet i erklæringa og vilje frå fleire til å auke støtta til Somalia.

Utviklingsminister Holmås la vekt på den historiske sjansen til å skape fred og utvikling i landet og utfordra Somalias nye president til å auke talet på kvinner i den nye regjeringa til minst 30 prosent.

I løpet av hausten 2012 gjennomførte FN-systemet ein grundig gjennomgang av engasjementet i landet, og konklusjonane av gjennomgangen vart drøfta av Tryggingrådet i mars 2013. Det er no fatta vedtak om å forlengje mandatet til den afrikanske innsatsstyrken AMISOM for å kjempe mot terrororganisasjonen Al-shabbab. Det vert vidare lagt opp til å etablere ein brei politisk operasjon i landet. Med dette vil FN styrkje nærværet sitt, sjølv om det inntil vidare ikkje er aktuelt med ein FN-leidd fredsbevarande operasjon. Noreg har engasjert seg aktivt med sentrale gjevarland, Verdsbanken og FN for å opprette eit internasjonalt fleirgjevarfond som vil kunne hjelpe den nye somaliske regjeringa med å løyse kritiske gjenreisingsoppgåver. Dette vil vere heilt avgjerande for at den nye somaliske leiinga skal kunne oppretthalde brei støtte og legitimitet i befolkninga og dermed kunne skape nødvendig stabilitet i landet.

2.19 Toppmøte om Sudan og Sør-Sudan

Under høgnivådelen av FNs 67. generalforsamling vart det halde eit toppmøte om Sudan og Sør-Sudan. I juli 2011 vart Sør-Sudan erklært som eigen stat, men det var framleis mange uavklarte spørsmål mellom dei to nabolanda. FNs tryggingråd har pressa på for å finne ei løysing, og Den afrikanske unionen har bidrege i dette vanskelege arbeidet.

Toppmøtet fann stad parallelt med at Sudan og Sør-Sudan underteikna eit sett avtalar for normalisering av dei bilaterale relasjonane, der viktige spørsmål om olje, statsborgarskap, tryggleik og

grenser vart avklara. Generalsekretær Ban Ki-moon heidra begge partane og særleg innsatsen til Den afrikanske unionen. Han oppmoda landa til å finne ei løysing på dei uteståande spørsmåla i Abyei og var svært uroleg over den humanitære krisa i delstatane Sør-Kordofan og Blånilen i Sudan. Ban var også svært bekymra over pågåande valdshandlingar i Sør-Sudan. Oppmodinga var at nødhjelp må nå ut til alle som har behov for det, og at menneskerettar er fundamentalt for ein varig fred. Utanriksminister Eide gav begge partar ros for motet dei har vist, og viljen til å løyse vanskelege spørsmål.

I etterkant av toppmøtet vart det raskt usemje mellom partane om korleis avtalane skulle gjennomførast, og motsetningane mellom Sudan og Sør-Sudan tilspissa seg. Det var store meningsforskjellar i Tryggingrådet, særleg mellom Russland og USA, om korleis krisa skulle handterast. Dette gjorde arbeidet vanskeleg med å presse partane til fleksibilitet og ikkje minst sikre humanitær tilgang i Blånilen og Sør-Kordofan. Gjennom innsatsen frå AU og internasjonalt press vart dei to landa i mars 2013 samde om ein timeplan for gjennomføring av avtalane, og gjennomføringa er i gang. Endeleg status for Abyei er likevel ikkje avklart, og den humanitære situasjonen i Blånilen og Sør-Kordofan er framleis kritisk.

2.20 Fredsmekling: ein god og billig investering

I 2010 tok Finland og Tyrkia initiativet til «vennegruppa for fredsmekling» der Noreg har vore aktive frå første stund. Eit konkret resultat av arbeidet er ein banebrytande FN-resolusjon om verdien av både å førebyggje og å avslutte væpna konflikhtar gjennom mekling. FN-sekretariatet har utforma eit sett retningslinjer for meir effektiv fredsmekling, mellom anna basert på medlemslandas eigne erfaringar og kunnskap, der også Noreg har spelt inn erfaringar frå fredsmeklingsprosessar. Stadig fleire land ber om å få slutte seg til vennegruppa, ikkje minst land som sjølve har vore gjennom valdelege motsetningar.

Under høgnivåveka arrangerte Finland og Tyrkia nok eit ministermøte som vart opna av Finlands president. Spesialutsendingen til Syria, Lakhdar Brahimi, understreka at ein meklar må forstå underliggjande faktorar bak ein konflikt før han kan håpe på å bidra til ei løysing. Møtet stadfesta nok ein gong den sterke støtta til fredsmekling. Bosnias utanriksminister sa at landet hans sto i takkskuld til fredsmeklarar for at landet til slutt kom ut av borgarkrigen.

Statssekretær Gry Larsen gjorde greie for konkrete norske erfaringar med å gå nye vegar for å skape rørsle i fastlåste konflikhtar. Eit døme på dette var Noregs samarbeid med Cuba for å leggje forholda til rette for nye forhandlingar i Colombia. Ho slo fast at dei nye retningslinjene frå FN er nyttige fordi dei òg gjev meklarar nødvendig fleksibilitet. Ho gjorde eit poeng av at samtalar i seg sjølv har ein verdi, at det sivile samfunnet må takast med, og at kvinner alltid må spele ei sentral rolle. Fleire ministrar trekte òg fram verdien av at kvinner deltek.

Rett etter møtet i vennegruppa heldt Finland og Tyrkia eit ope møte der FN sine nye retningslinjer for effektiv fredsmekling vart formelt lanserte. Ei rekkje ministrar var til stades, og opningsinnlegget vart halde av FN sine visegeneralsekretær Jan Eliasson. Han trekte spesielt fram dei norskfinansierte standby-teama som ei svært verdifull teneste. Desse teama vert forvalta av Flyktninghjelpen og er samansette av anerkjende ekspertar frå heile verda.

2.21 Kjernevåpen og prøvestansavtalen

Også under den 67. sesjonen i Generalforsamlinga vart det halde ministermøte for å støtte traktaten om totalforbud mot kjernefysiske prøvesprengingar (CTBT). Framleis har verken USA, Kina, Israel, Egypt, India, Pakistan, Iran eller Nord-Korea ratifisert han, noko som må til for at avtalen skal tre i kraft.

Møtet munna ut i ei erklæring om kor viktig prøvestansavtalen er, og om at denne avtalen snarleg bør verte eit folkerettsleg bindande instrument. Det vart slått fast at avtalen utgjer ei viktig brikke i arbeidet med å nå målet om ei verd fri for atomvåpen. Årets møte var kort, og det var på førehand avtalt kva land som skulle få høve til å ta ordet. Indonesia, Irak og Thailand vart valde ut fordi dei nyleg har gjennomført ratifikasjonsprosessen eller er i ferd med å gjere det. Noreg slutta seg til EUs innlegg om verdien av prøvestansavtalen.

Spørsmålet om å få framdrift i multilaterale kjernefysiske nedrustingsforhandlingar kom til å prege mye av den 67. sesjonens 1. komité, som har ansvar for rustingskontroll og internasjonal tryggleik. Saman med Austerrike og Mexico fekk Noreg vedteke at det skulle opprettast ei open arbeidsgruppe på området kjernefysisk nedrusting dersom nedrustingskonferansen i Genève framleis var like handlingslamma. Det vart vidare vedteke at det i 2013 skal haldast eit ministermøte om kjernefysisk nedrusting.

2.22 Kampen mot kjernefysisk terrorisme

Sjølv om det er lite sannsynleg at terroristar får tak i atomvåpen og faktisk bruker dei, vil likevel dei katastrofale verknadene vere så enorme at spørsmålet om kjernefysisk terrorisme har kome høgare opp på den internasjonale dagsordenen. I løpet av dei siste åra er det utvikla ulike typar konvensjonar og handlingsprogram for å hindre at følsamt materiale som opprika uran eller plutonium kjem på avvegar.

Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) står sentralt i dette arbeidet, og USAs president Barack Obama har definert atomtryggleik som eit viktig utanrikspolitisk satsingsområde. FN sine generalsekretær Ban Ki-moon er òg svært oppteken av dette spørsmålet og kalla saman til et toppmøte for å sikre tiltreding til og gjennomføring av relevante internasjonale avtalar, i tillegg til å oppmuntre til auka samarbeid om desse spørsmål blant medlemslanda. Møtet viste òg brei oppslutning frå medlemslanda om arbeidet.

Statssekretær Gry Larsen gjorde greie for det norske engasjementet innanfor kjernefysisk tryggleik og oppmoda sterkt dei landa som ikkje har slutta seg til FN-konvensjonen mot kjernefysisk terrorisme og den reviderte konvensjonen om vern av kjernefysisk materiale, til å gjere det snarast råd. Larsen understreka den sentrale rolla IAEA spelar, og at dei må få tilført nødvendige ressursar til å utføre oppgåvene sine. Larsen gjorde eit poeng av at kjernefysisk nedrusting er den beste måten å hindre at terrorister får tak i atomvåpen på. Ho opplyste at Noreg vil organisere ein konferanse i mars 2013 om dei katastrofale humanitære verknadene ved bruk av kjernevåpen.

2.23 Dødsstraff: frå utsetjing til avskaffing

Frankrike og Benin hadde eit fellesarrangement om dødsstraff under høgnivådelen av generalforsamlinga som hadde som føremål å overtale land som har hatt dødsstraffmøratorium i meir enn ti år, til å ta steget vidare og avskaffe dødsstraff. Ei tverregional gruppe land deltok – mellom anna delte fleire afrikanske og latinamerikanske land sine erfaringar. Frankrikes utanriksminister Laurent Fabius og den beninske kollegaen hans Nassirou Arifari Bako leidde arrangementet.

Høgkommissæren for menneskerettar Navi Pillay, direktør Kenneth Roth i Human Rights Watch og direktør Raphaël Cheneuil-Hazan i

«Ensemble contre la peine de mort» satt òg i panelet. Politisk vilje og mot hos politikarar vart trekt fram som viktig for å avskaffe dødsstraff i land der folket er for dødsstraff. Fleire delegasjonar trakk fram kor viktig det er å auke oppslutninga om FN-resolusjonen for eit moratorium på dødsstraff som skal leggjast fram til hausten.

Statssekretær Gry Larsen heldt eit innlegg der ho framheva Noregs engasjement i kampen mot dødsstraff. Forhandlingane i 3. komité (med ansvar for menneskerettar og vern) om den toårige resolusjonen om eit moratorium for bruk av dødsstraff viste seg å verte vanskelege. Resolusjonen om summariske eller vilkårlege avrettingar vart ein av dei vanskelegaste under sesjonen, særleg på grunn av det sterke språket i resolusjonen om dødsstraff og seksuell orientering og kjønnsidentitet.

2.24 Kontinentalsokkelinitiativet

Saman med Kapp Verdes utanriksminister Jorge Borges var utviklingsminister Holmås vert for eit møte om det norske kontinentalsokkelinitiativet. Noreg har gjennom dette initiativet hjelpt ei rekke afrikanske kyststatar i arbeidet med å fastsetje yttergrenser for kontinentalsokkelen. Dersom ein kyststat ønskjer å fastsetje yttergrensene utanfor

200 nautiske mil, må han leggje fram dokumentasjon for Kontinentalsokkelkommisjonen i New York saman med tekniske og vitskaplege data.

På grunnlag av dette skal kommisjonen gje tilrådingar som dannar grunnlaget for den nasjonale fastsetjinga av endelege og bindande yttergrenser for desse landa. I dag er denne innsatsen i hovudsak konsentrert om eit større samarbeidsprosjekt i Vest-Afrika. Dei afrikanske deltakarane i prosjektet har vore Kapp Verde, Gambia, Guinea, Guinea-Bissau, Mauritania og Senegal. Hovudføremålet med møtet var å underteikne to avtalar om tilslutning frå Sierra Leone til prosjektet.

Holmås viste til kor viktig FNs havrettskonvensjon har vore for den økonomiske og sosiale utviklinga i Noreg og for dagens norske velferdssamfunn. «Eit viktig siktemål med det norske kontinentalsokkelinitiativet er å sikre afrikanske kyststatar tilgang til naturressursar i samsvar med fråsegnene i Havrettskonvensjonen,» sa Holmås, og han understreka at dette er eit viktig bidrag til økonomisk og sosial framgang.

Kapp Verdes utanriksminister Jorge Borges takka Noreg på vegner av dei deltakande afrikanske kyststatane ved å vise til at «det felles prosjektet vårt byggjer på afrikansk eigarskap, afrikansk samarbeid og norsk støtte». Han ønskte Sierra Leone velkomen som deltakar i dette samarbeidet.

3 Tryggingsrådet hausten 2012

Arbeidet i Tryggingsrådet var hausten 2012 i stor grad prega av konfliktane i Afrika og Midtausten. Rådet bruker meir enn seksti prosent av møtetida på Afrika-spørsmål, noko som òg speglar seg i vedtekne resolusjonar. Polariseringa mellom vestlege faste medlemmer og Russland/Kina kom tydelegast til syne i Syria-spørsmålet, men hadde liten smitteeffekt for andre saker som sto på dagsordenen i Tryggingsrådet. Det var òg ei klår motsetjing mellom USA og Russland i Sudan/Sør-Sudan-spørsmålet.

Russland, Kina og tidvis Pakistan og Aserbajdsjan fungerte som bremseklossar i behandlinga av tematiske spørsmål som FNs samarbeid med Den arabiske ligaen, oppfølginga av resolusjon 1325 og barn i væpna konflikt.

Kina trenerte først at Tryggingsrådet skulle fordømme den siste nordkoreanske rakettoppskytinga i desember meir kraftfullt, men kom likevel fram til semje med USA om ein robust resolusjon i januar 2013 som stramma til gjennomføringa av det eksisterande sanksjonsregimet. Denne resolu-

sjonen innebar òg ei åtvaring mot ei ny nordkoreansk kjernefysisk prøvesprenging. Då Nord-Korea gjennomførte denne prøvesprenginga, gjekk Kina med på ei klar fordømming og følgde kort tid etter med ei vesentleg skjerping av sanksjonane.

Tendensen er at dei fleste tryggingsrådsresolusjonane vert vedtekne ved konsensus. Det er vidare ein trend at talet på resolusjonar går ned, og at Tryggingsrådet i større utstrekning tek i bruk svakare verkemiddel som presidentfråsegner og pressemeldingar når det skal ytre seg i ei sak. Nok ein gong vart det stadfesta at dei fem faste medlemene har stor kontroll over arbeidet i Tryggingsrådet ved at det først og fremst er dei som har ansvaret for å utforme utkast til og leie forhandlingane om dei enkelte resolusjonane.

Noreg har delteke i dei opne debattane i Tryggingsrådet med eigne innlegg. Tidvis har vi vore med på å utforme nordiske innlegg, og andre gonger har vi vore tilslutta nordiske innlegg (jf. vedlegg).

4 Saker som gjekk direkte i plenum

Sjølv om storparten av resolusjonane først vert behandla i dei seks faste komitéane, er det enkelte saker som går direkte i plenum. Dette gjeld først og fremst val til dei ulike organa i FN, mellom andre Tryggingrådet. FN-samarbeidet med andre internasjonale organisasjonar vert behandla direkte i plenum, i tillegg til fleire resolusjonar om Midtausten, FNs humanitære innsats, havrett og fiskeri.

Den saka som fekk størst merksemd, var vedtaket om å oppgradere statusen til Palestina til observatørstat i FNs generalforsamling. Sjølv om dette ikkje inneber full medlemskap, representerer det likevel nye rettar for Palestina. Vedtaket vart gjort med eit forholdsvis stort fleirtal, og alle dei nordiske landa stemte for. Dette vedtaket prega òg den årlege generelle Palestina-debatten i FNs generalforsamling, og dei tradisjonelle resolusjonane som kjem opp kvart år, vart òg vedtekne denne gongen.

Hausten 2012 vart òg prega av to viktige val, det eine til Tryggingrådet og det andre til FNs menneskerettsråd. Finland var nordisk kandidat til Tryggingrådet og stilte mot Australia og Luxembourg til dei to ikkje-faste seta vestgruppa har. Australia vart vald allereie etter første avstemming med 140 stemmer og dermed to tredels fleirtal, medan Luxembourg slo ut Finland i andre valrunde. Nokre veker seinare opplevde vi at Sverige saman med Hellas tapte kampen mot USA, Tyskland og Irland om å kome inn i Menneskerettsrådet. Desse nederlaga viste at det vert stadig vanskelegare å vinne fram i kampen om tunge og ansvarsfulle verv i FN-systemet, og at det nordiske varemerket ikkje på nokon måte er garanti for å lukkast.

Forhandlingane om den generelle humanitære resolusjonen vart òg svært vanskelege. Ikkje minst deltok representanten frå Syria aktivt, med ei lang rekkje framlegg om mellom anna einsidige sanksjonar og framand okkupasjon. Pakistan køyrde hardt på kravet om nasjonal eigarskap. Kina, Russland og til dels Cuba og Iran har ofte stilt seg bak desse omstridde framlegga. Dei same landa har òg vore sterkt imot å styrkje teksten når det gjeld humanitær tilgang. Likevel vart slutt-

resultatet betre enn frykta, ved at det til slutt vart semje om å ta inn ein referanse til vern av medisinsk personell og sjukehus.

Havretts- og fiskerispørsmål er høgt prioriterte. Det har vore og vil framleis vere ein hovudprioritet for Noreg å styrkje og utvikle systemet under havrettskonvensjonen (HRK) som den overordna rettslege ramma for alle tiltak i marin sektor, også i det vidare arbeidet med havretts-spørsmål i FN. Eit sentralt element er å arbeide for at reglane i konvensjonen vert respekterte på alle plan. Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ansvarleg kyststat som lojalt støtter opp om og gjennomfører HRK, og som ein forsvarleg forvaltar av sine levande ressursar i havet. Både fiskeriresolusjonen og havrettsresolusjonen gjentok i år viktige vedtak frå Rio-konferansen om berekraftig utvikling relatert til hav og fiskeri. Vidare var havrettsdebatten i FN òg prega av markeringa av 30-årsjubileet for at havrettskonvensjonen vart opna for signering. På same måten som tidlegare år vart det votert over havrettsresolusjonen, medan fiskeriresolusjonen oppnådde konsensus sjølv om det denne gongen viste seg å verte svært vanskeleg å få til semje.

Noreg foreslo i år å styrkje referansen i fiskeriresolusjonen til fiskeri og mattryggleik, som er ei viktig norsk utviklingsprioritering. Noreg fekk gjennomslag for dette framlegget, som innebar ei synleggjering av rolla FAO spelar når det gjelder mattryggleik, samtidig som det vart ei oppmoding til FAO til intensivert aktivitet på området. Med utgangspunkt i erfaringar frå Barentshavet har Noreg i fleire år arbeidd aktivt internasjonalt for å synleggjere samanhengen mellom internasjonal organisert kriminalitet og ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske). Mellom anna har Noreg sørgt for referansar i fiskeriresolusjonen til denne problemstillinga. Under forhandlingane om årets fiskeriresolusjon fremja Noreg forslag for å synleggjere arbeidet til INTERPOL innanfor fiskerikriminalitet. Det lukkast likevel ikkje å få gjennomslag for dette.

Under forhandlingane om havrettsresolusjonen foreslo Noreg tekst om arbeidet UNODC og ILO gjer på området menneskehandel og tvangs-

arbeid for menneska i fiskerinæringen. Tekstframlegget fekk gjennomslag. En pågåande havrettsleg diskusjon i FN gjeld bruk og vern av biologisk mangfald i havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon og om det trengst ein ny avtale for å regulere dette. Denne saka vart òg diskutert i samband med havrettsresolusjonen i haust. Ettersom saka òg var diskutert under Rio-konferansen, var det enklare å verte samde på dette punktet i resolusjonen i år. Det vart likevel diskusjon om korleis generalforsamlinga skulle spegle tilrådingane frå arbeidsgruppa om biologisk mangfald utanfor nasjonal jurisdiksjon og vedtak frå Rio-konferansen då det viste seg at det hadde oppstått forskjellar i dei to dokumenta på grunn av redigeringsfeil frå sekretariatet. Mykje tid vart difor brukt på å finne fram til korrekt tekst som kunne brukast i resolusjonen. Generalforsamlinga avgjorde at dei ville gjenta vedtaket som vart gjort under Rio-konferansen, som m.a. legg opp til at FNs generalforsamling innan utgangen av 69. sesjon (2014) skal ta ei avgjerd om utvikling av ein ny avtale. Saka rører ved eit breitt spekter av norske interesser og er høgt prioritert.

Frankrike hadde ansvaret for resolusjonen om utanrikspolitikk og global helse, der det vart lagt særleg vekt på universell helsedekning og tilgang til medisinar. For enkelte var dette tungt å akseptere, og det same gjaldt omtalen av seksuell og reproduktiv helse. Etter lange og til dels vanskelege forhandlingar vart resolusjonen til slutt vedteken utan avstemming og med heile 91 land som støtta han (co-sponsors).

Generalforsamlinga gjennomførte òg fleire debattar om å gjere verdsorganisasjonen betre rusta til å utføre oppgåvene sine. I den årlege debatten om revitalisering av generalforsamlinga kritiserte nok ein gong landa i den alliansefrie rørsla Tryggingrådet for å ta på seg oppgåver som dei meiner høyrer heime i generalforsamlinga. Desse landa etterlyste òg betre oppfølging av vedtaka og resolusjonane som vert vedtekne i generalforsamlinga. Vestlege land tok derimot til orde for å effektivisere Generalforsamlinga og få ned det høge talet på resolusjonar.

Debatten om reform av Tryggingrådet viste fastlåste posisjonar mellom land som ønskjer å utvide talet på faste og ikkje-faste medlemmer, og dei som berre ønskjer å utvide talet på valde medlemmer. Sjølv om eit framlegg om utviding til slutt skulle få kvalifisert fleirtal i Generalforsamlinga, vil ei slik endring av FN-pakta òg måtte behandlast i Tryggingrådet. Her vil dei fem faste medlemmene kunne blokkere.

For to år sidan tok Generalsekretæren initiativ til å styrkje evna i FN-systemet til å bruke sivile kapasitetar i land som er på veg ut av interne konflikter. Bakgrunnen var at handlingsrommet til FN-sekretariatet til å utnytte slike kapasitetar vart avgrensa av rigide tilsetjingsreglar. Føremålet var å hente inn relevant ekspertise frå medlemsland for meir kortsiktige oppdrag. Under debatten i Generalforsamlinga var Noreg blant dei landa som etterlyste raskare framdrift for å sikre at FN vert betre rusta til å hjelpe land som går gjennom ein vanskeleg postkonfliktfase. På motsett ende låg Russland og Cuba, som var skeptiske til å gje FN-sekretariatet eit handlingsrom som dei frykta ville gå ut over etablerte tilsetjingsreglar og administrative reglar. Generalforsamlinga var dermed ikkje i stand til å fatte eit operativt vedtak i denne omgangen. Spørsmålet skal følgjast opp vidare i 2013.

Samarbeidet mellom FN og andre internasjonale organisasjonar går direkte i plenum, og dei fleste av desse resolusjonane er forholdsvis uproblematisk. Det finst likevel unntak, og i haust vart behandlinga av resolusjonen om samarbeidet med Den arabiske ligaen (LAS) prega av det klare standpunktet LAS har teke i Syria-konflikten. Forhandlingane om resolusjonen om FNs samarbeid med Europarådet var òg vanskelege på grunn av spørsmålet om dødsstraff. Resolusjonen om samarbeidet mellom FN og Organisasjonen av islamiske statar (OIC) vart utsett på grunn av usemje om formuleringar om ærekrenking av religion. Resolusjonen om samarbeidet med OSSE er òg frose på grunn av konflikten mellom Armenia og Aserbajdsjan.

5 Dei seks faste komitéane

5.1 Internasjonal fred og tryggleik (1. komité)

1. komité i Generalforsamlinga har ansvaret for internasjonal fred og tryggleik, unnateke saker som vert behandla i Tryggingrådet. Komitéen har såleis særleg fokus på nedrusting og ikkje-spreiing. Arbeidet i komitéen er delt inn i tre segment med generaldebatt, tematiske debattar og realitetsbehandling av over 50 resolusjonar og vedtak. Dei fleste resolusjonane er årlege gjen-gangarar, men kvart år kjem det òg nye resolusjonsutkast.

Sesjonen av 1. komité i haust vart dominert av spørsmålet om å få skapt rørsle i det multilaterale kjernefysiske nedrustingsarbeidet og oppfølginga av forhandlingane om ein internasjonal avtale om våpenhandel (Arms Trade Treaty – heretter ATT) etter at diplomatkonferansen om ATT enda utan semje i FN, New York i juli 2012. I tillegg viste det seg å verte vanskelegare enn normalt å kome fram til semje om resolusjonane om kjemiske og biologiske våpen, i tillegg til resolusjonen om kvinner, nedrusting, ikkje-spreiing og rustingskontroll.

Sjølve generaldebatten i komitéen bringa lite nytt i forhold til tidlegare år. Mange vestlege land uttrykte uro over dei kjernefysiske aktivitetane til Iran, Nord-Korea og Syria. Sistnemnde land sparte ikkje på krutet då det tok replikk på Noregs oppmoding til Syria om å samarbeide med Det internasjonale atomenergibyrået (IAEA) for å komme til botns i dei mange uteståande spørsmål knytte til dei kjernefysiske aktivitetane til Iran og Syria.

Landa i Den alliansefrie rørsle (NAM) uttrykte djup frustrasjon over manglande framdrift i å få avskaffa atomvåpen. Samtidig sa NAM klart frå at det ikkje måtte rørast ved det eksisterande formelle forhandlingsapparatet utan at dette spørsmålet først er behandla i ein eigen spesialsesjon om nedrusting under FNs generalforsamling (SSOD IV). Ein slik spesialsesjon må arbeide ut frå eit strengt konsensusprinsipp, og difor trur ingen at han vil resultere i noko særleg nytt. Dei fem etablerte kjernevåpenstatane (USA, Storbri-

tannia, Frankrike, Russland og Kina) var òg tydelege i sine åtvaringar mot å søkje nye og alternative vegar for nedrusting av atomvåpen.

På motsett ende var det ei stor gruppe land, både vestlege og frå det globale sør, som etterlyste nye tilnærmingar for å skape ny giv i det multilaterale nedrustingsarbeidet. Noreg, Austerrike og Mexico la fram eit resolusjonsutkast om at det skal opprettast ei open arbeidsgruppe i Genève om kjernefysisk nedrusting som følgje av at nedrustingskonferansen i Genève (CD) ikkje har hatt eit arbeidsprogram sidan 1998. Som venta vart utkastet møtt med skepsis frå kjernevåpenstatane, og fire av dei stemte til slutt mot resolusjonen (Kina avsto). Det som var positivt, var at resolusjonen samla over 140 stemmer, mellom dei fleire av NATO-landa som støtta resolusjonen. Den opne arbeidsgruppa har i ettertid så vidt kome i gang, men inntil vidare har konsultasjonane vore avgrensa til prosedyrespørsmål.

Canada fekk òg brei støtte for ein resolusjon om at det skal opprettast ei eiga ekspertgruppe for å klarleggje rammene for ein framtidig avtale som forbyr framstilling av spaltbart materiale for våpenføremål (FMCT) dersom handlingslamminga i CD varar ved. NAM-landa fekk òg gjennomslag for at det skal haldast eit høgnivåmøte om kjernefysisk nedrusting i 2013, men dette møtet skal ikkje utfordre den eksisterande strukturen for nedrustingsforhandlingane i FN, som framleis skal basere seg på samrøystes vedtak, eller konsensusprinsippet.

Nettopp spørsmålet om konsensusprinsippet sto sentralt i konsultasjonane om ATT-resolusjonen. Heile juli 2012 var vigd til ein diplomatkonferanse i New York om å få plass ein ATT-avtale. Trass i framgang enda konferansen utan semje om ein ny avtale. USA, som vart følgd av m.a. Russland, Kina, India og fleire arabiske land, kunne ikkje akseptere avtaleutkastet frå formannen og bad om meir tid. Diskusjonane i 1. komité hausten 2012 munna ut i brei semje om å gjennomføre ein ny og siste konferanse i mars 2013. Det var semje om at avtaleutkastet frå formannen frå 26. juli 2012 skulle utgjere grunnlaget for forhandlingane. Vidare vart det vedteke at prose-

dyrereglane frå konferansen i juli 2012 skulle leggjast til grunn, mellom anna konsensusprinsippet, sjølv om dette vart kritisert av fleire land, deriblant Noreg. Noreg, Mexico og New Zealand fekk som motvekt mot dette inn ei fråsegn i resolusjonen om at resultatet av konferansen skulle rapportertast så snart som mogeleg til *inneverande* sesjon av Generalforsamlinga, implisitt med høve til votering over eit avtaleutkast.

I ettertid kan vi slå fast at skepsisen til konsensus var velfundert. Iran, Nord-Korea og Syria blokkerte i mars 2013 konsensus om det nye avtaleutkastet frå formannen. Ei gruppe land, mellom andre Noreg, fremja deretter med det same ein resolusjon om vedtaking av avtaleutkastet i Generalforsamlinga, der avtalen vart vedteken med stort fleirtal 2. april i år. Handteringa av ATT viste at det er mogeleg å omgå konsensuskravet dersom det er tilstrekkeleg politisk vilje til å gjere dette.

Noreg støtta igjen aktivt opp om det karibiske initiativet, leidd av Trinidad og Tobago, om å rette større merksemd mot at kvinner må få delta i nedrustings- og ikkje-spreiingsarbeidet. Resolusjonen er ei naturleg oppfølging av tryggingrådsresolusjon 1325 om kvinner, fred og tryggleik, og nettopp koplinga til en tryggingrådsresolusjon gjorde Iran, Syria og til dels Cuba svært skeptiske. Iran og Syria prøvde vidare å vatne ut budskapet og bringe inn språk som ikkje høyrte heime i ein slik resolusjon. Trinidad og Tobago valde til slutt å stå løpet ut og kome skeptikarane minimalt i møte. Dette viste seg å vere en god strategi, då desse landa til slutt vart isolerte og valde å ikkje be om votering over resolusjonen.

Same erfaringa vart hausta på resolusjonane om FNs handlingsprogram for kamp mot ulovleg omsetning av handvåpen, kjemivåpenkonvensjonen og biologivåpenkonvensjonen. Det var knytt spesiell interesse til behandlinga av kjemivåpenkonvensjonen på grunn av frykta for at Assad-regimet kunne ty til kjemiske stridsmiddel i borgarkrigen. Både Iran og Syria insisterte på språk i resolusjonen om kjemivåpenkonvensjonen som kritiserte særleg USA for ikkje å gjennomføre forpliktingane om destruksjon av lagra av kjemiske våpen raskt nok. Dette vart avvist av det store fleirtalet, og verken Iran eller Syria såg seg då tente med å be om avstemming over denne resolusjonen.

For Iran var sesjonen av 1. komité forhåpentlegvis eit tankekors, all den tid landet er president i NAM. Når det kjem til stykket, får dei likevel ikkje særleg støtte frå denne gruppa i saker som er viktige for Teheran.

5.2 Økonomiske og sosiale spørsmål (2. komité)

Generalforsamlingas 2. komité har ansvaret for globale økonomiske spørsmål, berekraftig utvikling og andre utviklingspolitiske spørsmål. Dette inkluderer organisasjonane som driv bistandsverksemda til FN. Som følgje av dei klare norske prioriteringane vart det oppnådd tilfredsstillande resultat på desse områda. Hovudsakene var oppfølging av Rio-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20), rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane i FN og finansiering for utvikling inkludert makroøkonomiske spørsmål. Det var viktig å verne om, fremje og følgje opp vedtaka frå Rio. Eit meir samkøyr, resultatorientert og effektivt FN var målet for forhandlingane om rammeresolusjonen om utviklingsaktivitetane i FN. Sett med norske auge er det viktig at «Eitt FN» vart etablert som ei fast ordning, og at det også elles vart gjeve klare signal om vidare reform i utviklingssystemet i FN. I forhandlingane om finansiering for utvikling var tema som tradisjonelle bistandsmidlar (ODA), ansvaret utviklingslanda sjølve har for ressursmobilisering, utviklingseffektivitet og mangfald av finansieringskjelder til utvikling (inkludert innovativ finansiering) ein vanskeleg balansegang. Innanfor makroøkonomiske spørsmål vart Noregs progressive rolle i arbeidet med nye gjeldsmekanismar godt teken imot av gruppa av utviklingsland (G77). Fordelingsspørsmål og kvinnerettar og likestilling vart fremja på tvers. Gjennom samarbeid med mellom andre UN Women vart det teke inn omtale av likestilling i fleire resolusjonar som tidlegare ikkje sa noko om dette. Nordisk samarbeid er framleis viktig, men samarbeid med likesinna på tvers av regionar var òg ein styrke. 2. komité vedtok 36 resolusjonar.

2. komité er ein utfordrande arena for å diskutere framtidig utviklingspolitikk. Mykje av arbeidet i 2. komité er framleis dominert av enkelte G77-land som fremjar synspunkt om økonomi og utvikling som er lite nytenkjande. Det er òg eit vedvarande reaksjonært press frå enkelte til dels tonegjevande land i alle spørsmål om menneskerettar, inkludert kvinners rettार. Det har vore vanskeleg å effektivisere og rasjonalisere arbeidet i komitéen, mellom anna gjennom ei betre arbeidsdeling med ECOSOC.

5.2.1 Oppfølging av Rio-konferansen

Dei viktigaste vedtaka frå Rio i juni 2012 vart tekne vidare under Generalforsamlinga. Dette gjaldt mellom anna oppretting av eit høgnivå-

forum for berekraftig utvikling, etablering av ei mellomstatleg arbeidsgruppe for utarbeiding av berekraftsmål og etablering av ein ekspertkomité for finansiering av berekraftig utvikling. Dette vart hovudsakeleg gjort gjennom forhandlingar i Agenda 21-resolusjonen og resolusjonen om FNs miljøprogram (UNEP). I sistnemnde resolusjon fekk styret i UNEP mandat til å setje Rio-vedtaket om styrking og oppgradering av UNEP ut i praksis. I Agenda 21-resolusjonen vart det vedteke å starte opp forhandlingane om eit høgnivåforum for berekraftig utvikling i januar 2013, som skal erstatte kommisjonen for berekraftig utvikling. Målsetjinga var å verte samde om retningslinjene for arbeidet i forumet innan mai 2013. Med omsyn til arbeidsgruppa for berekraftsmål lukkast det å etablere ei kopling til det nye forumet og til møtet om tusenårsmåla som finn stad i september 2013. Det substansielle arbeidet vil finne stad under den 68. generalforsamlinga, både gjennom forhandlingane om høgnivåforumet for berekraftig utvikling, i arbeidsgruppa om berekraftsmål og i ekspertkomiteen om finansiering av berekraftig utvikling.

Rio-konferansen noterte seg initiativet frå Generalsekretæren for berekraftig energi for alle (SE4ALL), eit initiativ der Noreg har vore blant dei sterkaste støttespelarane for sidan starten. Noreg bidrog til å styrkje handlingsrommet til generalsekretæren framover gjennom å foreslå eit FN-tiår for SE4ALL frå 2014 til 2024, noko som vart vedteke.

5.2.2 Rammeresolusjon om utviklingsaktivitetane i FN

Kvart fjerde år vert det framforhandla ein plan for utviklingsaktivitetane i FN dei neste fire åra. Planen vert vedteken i form av ein rammeresolusjon. Rammeresolusjonen er retningsgjevande for korleis utviklingssystemet i FN skal fungere, både som heilskap og dei enkelte organisasjonane. Forhandlingane var krevjande, men sluttresultatet gjev viktige framsteg i samsvar med norske prioriteringar, som òg er sentrale i oppfølginga av stortingsmeldinga om norsk FN-politikk (Meld. St. 33 2011–2012). Tilrådingane og styringssignala til utviklingssystemet i FN og til medlemslanda er meir konkrete enn i den førre rammeresolusjonen. Mellom anna oppmodar den nye resolusjonen til auka kjernebidrag og vedtek at det skal finne stad ein dialog i fond og program om finansiering. Betre resultatrapportering og resultatorientert leiing vert framheva som føresetnader for effektiv bruk av ressursar. Det vart òg semje om saker som er relevante for oppfølging av rapporten frå

Stoltenberg-panelet, mellom anna ein sterk tekst om FN på landnivå, inkludert Eitt FN, klar støtte til UN Women, konkrete tiltak for å fremje kvinnerettar og likestilling i FN-arbeidet på landnivå, styrkt FN-koordinering i alle programland og tiltak for å løyse viktige praktiske og tekniske forordningar. Dessverre vart det ikkje semje om referansar til utviklingseffektivitet. Noreg bidrog til eit positivt resultat ved målretta innspel og samarbeid med ei rekkje delegasjonar frå fleire regionar.

5.2.3 Finansiering for utvikling og makroøkonomiske spørsmål

Dei tradisjonelle kontroversane mellom «Vesten» og G77-land har vore førande også i forhandlingane i år om finansiering for utvikling og makroøkonomiske spørsmål (gjeld, handel og finansieringsinstitusjonane). Det vart små bevegelsar og lite nytenking. Nok ein gong var tolking av konsekvensane av finans- og økonomikrisa for utviklingsland ein kontroversiell del av forhandlingane. I resolusjonsforhandlingane om finansiering for utvikling vart det oppnådd ein relativt god balanse med omtale av breidda i finansieringsmekanismar (mellom anna innovativ finansiering), kamp mot korrupsjon og generering i ulike land av eiga inntekt for utviklingsføremål. Prinsippa frå Busan-konferansen om utviklingseffektivitet vart òg tekne inn. Noreg fekk gjennomslag for omtale av lik fordeling og styrkt kvinneprofil. Noreg samarbeidde med G77 for å få inn tekst om nye gjeldsmekanismar i dei makroøkonomiske forhandlingane.

5.2.4 Andre saker

Fleire utviklingsland ønskte at enkeltstatar skulle kunne blokkere tilgangen til større FN-møte for frivillige organisasjonar og sivilsamfunnsrepresentantar. Vestlege land aksepterte ikkje dette og kravde avstemming over resolusjonen som definerer rammene for høgnivåmøtet om migrasjon og utvikling hausten 2013. Den same problematikken kom opp i resolusjonsforhandlingane om ein spesialsesjon for oppfølging av konferansen om befolkning og utvikling (Kairo-konferansen frå 1994). Konklusjonen vart ei ordning der eventuelle innvendingar mot at enkeltorganisasjonar får delta, skal synleggjerast for alle.

5.3 Menneskerettar (3. komité)

3. komité i Generalforsamlinga vedtok rundt 60 resolusjonar og vedtak. Som tidlegare år var dags-

ordenpunktet om menneskerettar det mest omfattande med flest resolusjonar, forhandlingar og politiserte diskusjonar.

3. komité vedtok fire resolusjonar om menneskerettssituasjonen i spesifikke land, nemleg Myanmar, Nord-Korea (DPRK), Iran og Syria. Hovudmålsetjinga om å oppnå konsensus om Myanmar-resolusjonen vart tydeleggjord av Noreg og fleire andre likesinna land, som òg heldt tett kontakt med delegasjonen frå Myanmar. Delegasjonen frå Nord-Korea fordømte den tradisjonelle landspesifikke resolusjonen som årleg vert fremja mot landet ved å fjerne seg frå resolusjonen i sin heilskap. For første gang i 3. komité tok likevel Nord-Korea ikkje resolusjonen til votering, noko som førte til at han vart vedteken ved konsensus. Resolusjonen i 3. komité om menneskerettssituasjonen i Syria var òg for første gong ein landspesifikk resolusjon som vart introdusert av ikkje-vestlege land i 3. komité (Qatar, Saudi-Arabia og Marokko). Resolusjonen vart vedteken med eit sterkare fleirtal enn første gongen han vart introdusert i 2011, noko som speglar den auka isolasjonen av det syriske regimet i det internasjonale samfunnet. Den landspesifikke resolusjonen om Iran, som årleg vert fremja av Canada, vart vedteken med eit noko svakare fleirtal enn den rekordstore oppslutning i 2011. Iran unnlét for første gang å fremje et ikkje-behandlingsforslag («no action motion»). Den viktigaste trenden i 2012 var at nokre av landa som i 2011 hadde ei meir positiv stemmegjeving, som Egypt og Tunisia, sklei tilbake til det gamle stemmemønsteret sitt.

I kjølvatnet av dei valdelege protestane og reaksjonane i andre halvdel av september 2012, som var relaterte til Youtube-videoar som «Innocence of Muslims», vart hatprovokasjonar baserte på religion og tru godt plasserte på dagsordenen i FN under høgnivåveka for den 67. generalforsamlinga. Som følgje av dette låg forhandlingane i 3. komité om dei to resolusjonane som omhandlar desse temaa – EU-resolusjonen om religionsfridom og OIC-resolusjonen om religiøs intoleranse – an til å verte særdeles vanskelege. Den skøyre semja som vart oppnådd for første gong i 2011 for begge resolusjonane, var i faresona. Gjennom intense og konstruktive forhandlingar vart begge resolusjonane vedtekne ved konsensus. 3. komité sende dermed ein bodskap om toleranse på eit tema som framleis skapar splid i FN.

Ei tverregional kjernegruppe la på vegner av 76 medforslagsstillarar fram den toårige resolusjonen om eit moratorium for bruk av dødsstraff.

Resolusjonsteksten var eit resultat av nærare seks månaders arbeid der balansen mellom å sikre auka oppslutning om resolusjonen og å styrkje det substansielle innhaldet i resolusjonen dominerte diskusjonane internt i co-sponsor-gruppa. Kjernegruppa enda med å fremje ei rekkje substansielle element i teksten, mellom dei ei oppmoding til statar som framleis gjennomfører dødsstraff, om ikkje å avrette personar under 18 år eller gravide kvinner, i tillegg til å offentleggjere mørketal om talet på avrettingar / dødsdommar / personar som er fengsla og ventar på avretting («death row»), som eit bidrag til ein meir informert nasjonal og internasjonal debatt om dødsstraff. Resolusjonen inneheldt òg ei oppmoding om at statar må vurdere å slutte seg til den andre tilleggssprotokollen til ICCPR om avskaffing av dødsstraff. Medforslagsstillarar, leidd an av kjernegruppa som Noreg var ein aktiv del av, deltok i inngåande konsultasjonar med dei mange medlemslanda i FN og klarte å halde konsultasjonar i ein generelt konstruktiv atmosfære. Dette forhindra likevel ikkje at fleire endringsforslag vart fremja. Krevjande lobbyverksemd og solid beredskapsplanlegging frå kjernegruppa førte til at alle endringsforslaga vart nedstemde med relativt god margin, prosedyrekampar vart vunne, og resolusjonen vart til slutt vedteken med rekordstor oppslutning.

Den nordiske resolusjonen leidd av Sverige om utanomrettslege, summariske eller vilkårlege avrettingar vart som venta ein av dei vanskelegaste resolusjonane under sesjonen. Dette var delvis på grunn av sterkt språk om dødsstraff, seksuell orientering og kjønnsidentitet (SOGI), som begge vart drøfta i lange diskusjonar under forhandlingane.

Totalt fem resolusjonar vart vedtekne ved konsensus på ulike aspekt ved fremjing og vern av menneskerettane til kvinner og jenter: vald mot kvinner (Frankrike og Nederland), kvinneleg kjønnslemlesting (den afrikanske gruppa), fistlar (fødselsskader i underliv) (den afrikanske gruppa), menneskehandel med kvinner (Filippinene) og oppfølging av Beijing-erklæringa (teksten frå formannen, tilrettelagd av Montenegro). Intense diskusjonar vart haldne om referansar til seksuelle og reproduktive rettår, og desse referansane vart til slutt innlemma i resolusjonane om vald mot kvinner og fistlar.

Den årlege omnibusresolusjonen om barns rettår, som vert fremja av gruppa av latinamerikanske og karibiske land (GRULAC) og EU, fokuserte i år på rettane til urfolksbarn. Resolusjonen forlenga i tillegg mandatet til spesialrapportøren for vald mot barn med tre år og sette i verk nød-

vendige skritt for å sikre finansieringa av mandatat innanfor det regulære FN-budsjettet (til no finansierte av frivillige midlar m.a. frå Noreg).

Det strategiske rammeverket for høgkommissæren for menneskerettar («Program 20») for 2013-14 vart i år overført frå Generalforsamlingas tekniske komité (CPC) til 3. komité. Ved å vedta det strategiske rammeverket varetok komitéen dei institusjonelle arrangementa mellom høgkommissæren, Generalforsamlinga og MR-rådet, og avstemminga fekk det best mogelege resultatet. Voteringa illustrerer på nytt kor uheldig det er at det strategiske rammeverket vert behandla i ein politisk komité (3. komité) framfor ein teknisk komité som CPC.

Dei nordiske landa har i ei årrekke koordinert forhandlingane om resolusjonen for FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR). Noreg leidde forhandlingane i 2012. Det vart forhandla fram eit konsensusutkast i Genève, som det deretter vart semje og vedtak om i Generalforsamlinga. Fødselsregistrering, varetekt og redning til sjøs var nye tema. Når det gjeld førstnemnde, er betre system for registrering og ID-fastsetjing viktig for Noreg. Dette vert følgt opp i UNHCR-samanheng ved å bidra til ein konklusjon som gjev normativ retning og praktisk rettleiing til medlemslanda om «Civil registration» på UNHCRs eksekutivkomité hausten 2013.

5.4 Politiske spørsmål (4. komité)

Det formelle namnet på denne komitéen er Spesialkomitéen for politiske spørsmål. Den fangar i aukande grad opp spørsmål som ikkje vert dekte i dei andre faste komitéane. I 4. komité vert det òg gjennomført ein årleg debatt om FNs fredsbevarande operasjonar der utfordringar knytte til planlegging og gjennomføring av operasjonane står i sentrum. Sentrale tema i 2012-debatten gjaldt mellom anna behovet for vidare reform og effektivisering, deriblant tiltak for å heve kvaliteten på FN-innsatsen i felt, m.a. for å styrkje evna til å verne sivile. Mange var opptekne av tettare samarbeid mellom landa som deltek i operasjonane, Tryggingrådet og FN-sekretariatet. Tryggleiken til personellet stod òg sentralt. Fleire etterlyste auka bruk av moderne overvakingsteknologi for betre å kunne møte stadig meir krevjande trygging utfordringar som rammar både sivilbefolkninga og personellet. Noreg uttrykte støtte til FNs reformagenda, ei støtte som speglar det løpande og tette samarbeidet vi har med FN-sekretariatet. Vi etterlyste meir informasjon om planprosessane i FN

for lettare å kunne planleggje for eigne bidrag. Vi var òg opptekne av at det må vere samsvar mellom oppgåvene Tryggingrådet legg på operasjonane, og ressursane som vert stilte til rådvelde. Dette poenget var med i mange innlegg. Noreg framheva kor viktig det er å sikre at kjønnspektivet vert vareteke på ein god måte. Vi uttrykte òg støtte til den kontinuerlege arbeidet i FN for å utnytte *sivile* ressursar i medlemslanda på ein betre måte, dvs. vert betre til raskt å skaffe rett type personell til internasjonale operasjonar, trekkje på kompetansen som allereie finnes i det globale sør og, ikkje minst, *leggje att* kompetanse når operasjonen er avslutta. I denne prosessen er Noreg ein aktiv medspelar for FN-sekretariatet.

Debatten i 4. komité er basert på ein rapport frå Spesialkomitéen for fredsbevarande operasjonar, som har sin årlege sesjon i februar/mars. Begge fora er prega av aukande motsetjingar mellom vestlege land og troppebidragsytande land frå det globale sør. Motsetjingane er mellom anna knytte til ulikt syn på kor offensive mandata skal vere, både når det gjeld bruk av makt og f.eks. engasjement i reform av tryggingssektoren i vertslandet. Usemje om nivået på økonomisk kompensasjon for deltaking i operasjonane er òg eit underliggjande tema som har prega debatten dei siste åra, sjølv om denne tematikken høyrer heime i budsjettkomitéen i FN.

Den aukande polariseringa av debatten omkring FNs fredsbevarande operasjonar har ført til at det vert stadig vanskelegare å oppnå semje om rapporten frå spesialkomitéen. I 2012 vart det først oppnådd semje rett før 67. sesjon av Generalforsamlinga vart innleidd. I 2013 gjekk forhandlingane fullstendig i stå. Det går føre seg samtalar om ei mogeleg teknisk oppdatering av 2013-rapporten. Samtidig forsøker vi å leggje til rette for ein prosess for vidare diskusjon av arbeidsmetodane i komitéen.

4. komité behandlar kvart år ei rekkje resolusjonar knytte til avkolonialisering, og stemmemønsteret på desse resolusjonane endrar seg lite frå år til år. Avkolonialiseringsspørsmålet kan etter kvart få eit meir politisk tilsnitt, sidan motsetjinga mellom Storbritannia og Argentina om Falklandsøyane er i ferd med å kome opp att på den internasjonale dagsordenen. Eit anna spørsmål som kan skape bølger, gjeld innsatsen til Fransk Polynesia om å verte anerkjent som eit ikkje-sjølvstyrande område, trass i iherdige franske protestar.

Endeleg vart det òg vedteke regulære resolusjonar om Palestina-spørsmålet. Stemmemonsteret spegla i år det faktum at Palestina ikkje hadde

gjennomført substansielle endringar i tekstane. Talet på medlemsland som stemmer ja, mellom dei Noreg, er framleis høgt (i snitt ca. 160 ja-stemmer). Desse resolusjonane vart vedtekne før Palestina-oppraderinga.

5.5 FN-budsjettet (5. komité)

FNs kjernebudsjet, administrative spørsmål og FN-reform vert behandla i 5. komité.

Dei viktigaste avgjerdene i haust var vedtak av nye bidragsskalaer (byrdefordeling, pliktige bidrag) for FNs kjernebudsjet og budsjettet for dei fredsbevarande operasjonane, i tillegg til delvis gjennomslag for personalreforminitiativet frå Generalsekretæren som skal sikre meir mobilitet og samarbeid på tvers blant FN-tilsette. Det vart òg vedteke omfattande kutt for neste budsjettperiode.

Norske prioriteringar for haustsesjonen var å støtte opp om reformtiltaka til Generalsekretæren, mellom anna personalreform. Dette er ein del av arbeidet for å fremje effektivitet og styrkt resultatbasert leiing i FN. Det var òg ein prioritet å leggje til rette for ei berekraftig byrdefordeling for pliktige bidrag til FN, der dei pliktige bidraga for kvart enkelt land står i forhold til den økonomiske stillinga til landet.

Som følgje av økonomiske krisetider har handlingsklimaet i komitéen vorte dårlegare, og det er krevjande å verte samde i fleire spørsmål. Store vestlege bidragsytande land (EU-landa, Japan og USA står for om lag 70 % av pliktige bidrag) har behov for å sikre omfattande budsjett-innsparingar. Forsøka frå Generalsekretæren på å høyre på dette presset, m.a. gjennom reformgrep og forsøk på minst mogeleg smertefulle kutt, vert møtte med skepsis frå utviklingslanda. Dei nyttar høvet til å overprøve og mikrostyre både budsjettforslag og reforminitiativ. Dermed vert det svært krevjande å oppnå resultat på desse felta. På denne bakgrunnen må vi sjå på det som ein siger at komitéen klarte å samle seg om eit vedtak som gjev delvis klarsignal for den høgt prioriterte personalreforma til generalsekretæren. Haustsesjonen enda likevel med at handlinga av fleire viktige spørsmål vart utsett. Dette er ein negativ trend og eit klart uttrykk for det krevjande handlingsklimaet.

Før handlinga av nye bidragsskalaer hadde m.a. EU-land håp om at det i år kunne vedtakast bidragsskalaer som står betre i forhold til den globale økonomiske utviklinga, dvs. auka kjernebidrag frå land som Kina, India og Brasil. FNs

bidragsskala er basert på prinsippet om betalings-evne, men inneheld fleire unntak som gjev skeiv fordeling. Mellom anna får svært folkerike land ein eigen rabatt, og USA har ein maksimalrate for bidragsdelen sin på 22 %. Reell politisk behandling av bidragsskalaene er svært sensitivt og eit nullsumspel. Forhandlingane i haust førte til ei vidareføring av eksisterande tekniske grunnlag for utrekning. Dette gav fleire justeringar som speglar den økonomiske utviklinga. Mellom anna gjekk fleire EU-land vesentleg ned, medan land som Russland, Brasil og Tyrkia gjekk kraftig opp. Trass i at fleire land var engasjerte på høgt nivå undervegs i forhandlingane, var det liten reell politisk vilje til store endringar i denne omgangen, særleg sidan eksisterande oppsett gav fleire viktige justeringar i byrdefordelinga. Noreg leidde forhandlingane om bidragsskalaen for dei fredsbevarande operasjonane. Generalforsamlinga vedtek rutinemessig bidragsskalaer kvart tredje år.

Andre vedtekne resolusjonar som bør nemnast, var vedtak om finansiering av høvesvis spesialdomstolen i Sierra Leone, oppfølginga av vedtaka frå Rio-konferansen om berekraftig utvikling, utvida møtetid for FNs torturkomité og forhandlingane om ein våpenhandelsavtale (ATT).

Blant dei utsette sakene var personalspørsmål i sin heilskap (konsensus oppnådd i mars 2013), publisering av interne revisjonsrapportar (konsensus oppnådd i mars 2013) og spørsmålet om finansiering av FNs politiske misjonar/operasjonar (utsett for andre gong sidan hausten 2011 til hausten 2013).

FNs kjernebudsjet vert vedteke på toårig basis og vart ikkje behandla denne hausten. Det er tradisjon for at 5. komité gjer vedtak ved konsensus. Delegasjonen vidareførte arbeidet med å arbeide på tvers av tradisjonelle, geografiske skiljelinjer, og m.a. når det gjeld finansiering av menneskerettsarbeidet i FN, har vi klare felles interesser med fleire land frå sør. Trass i at Noregs kjernebidrag til FN er lite (0,851 % frå 2013), kan det gje resultat å ta ei aktiv rolle i m.a. reformspørsmål. Aktiv innsats frå Noreg og berre nokre få andre land i spørsmålet om personalreform bidrog klart til at komitéen vart samd i dette spørsmålet.

5.6 Juridiske spørsmål (6. komité)

6. komité har ansvaret for å behandle folkerettslege spørsmål, mellom anna den årlege rapporten frå Folkerettskommisjonen. Komitéen vedtek vanlegvis resolusjonane sine ved konsensus, noko

som til ein viss grad kan forklarast med at vanskelege spørsmål ikkje vert sette på spissen. Viktige tema under denne sesjonen var mellom anna kampen mot terrorisme, universaljurisdiksjon, rettsstatsprinsipp (rule of law) og rapporten frå Folkerettskommisjonen.

Det er semje om at ein generell FN-konvensjon mot internasjonal terrorisme vil kunne effektivisere samarbeidet for å kjempe mot terrorisme ytterlegare. Trass i dette var det heller ikkje i år nokon framgang i arbeidet som har stått på dagsordenen til komiteén i ei årrekke.

Det viktigaste stridsspørsmålet gjeld definisjonen av terrorisme. Den substansielle usemja går ut på at arabiske land held fast ved å halde handlingar som er utførte i kamp mot ei okkupasjonsmakt, utanfor definisjonen. Samtidig vil dei at definisjonen skal omfatte såkalla statterrorisme, dvs. valdshandlingar som er utførte av ein stat. Vestlege land kan ikkje akseptere dette. Diskusjonen om terrorismedefinisjonen er openbert nært knytt til konflikten i Midtausten.

Noreg ønskjer å styrkje kampen mot terrorisme uansett kvar han finn stad, kven handlinga er utført av, og ut frå kva motiv. Frå norsk side går vi imot løysingar som rettferdiggjør handlingar ut frå at dei har ein særskilt motivasjon (f.eks. kamp mot ulovleg okkupasjon). Vi er òg av den oppfatninga at behandlinga av statshandlingar og statsansvar er betre forankra i andre delar av folkeretten.

For tida står terrorisme på dagsordenen i plenum annakvart år (den heilskaplege antiterrorstrategien), medan diskusjonen om kampen mot terrorisme og den heilskaplege antiterrorkonvensjonen står på dagsordenen i 6. komité kvart år. Det er fremja forslag om at sistnemnde tema òg skal behandlast annakvart år, slik at det alternerer mellom plenum og 6. komité. På grunn av forseinkingar som skuldast stormen Sandy, vart diskusjonen av framlegget utsett til neste års generalforsamling.

Universaljurisdiksjon er eit strafferettsleg konsept som går ut på om ein stat skal ha høve til å straffefølgje utlendingar for handlingar som er utførte i utlandet. Noreg meiner universaljurisdiksjon er eit viktig verkemiddel i kampen mot straffridom, samtidig som det ikkje må misbrukast for politiske føremål. Det vart for andre gong oppretta ei arbeidsgruppe for å diskutere temaet. Det er usemje både om Generalforsamlinga er det rette forumet for å diskutere konseptet, og om det

er føremålstenleg å diskutere det nærare innhaldet i konseptet, dvs. kva brotsverk som er omfatta av universaljurisdiksjon, då dette stadig er under utvikling. Når det gjeld temaet rettsstatsprinsipp (rule of law), er det ei brei godkjenning av grunnleggjande rettslege normer, slik som kunngjering av lover, likskap for lova og fråvær av vilkårlegheit. Førebuingane til høgnivåmøtet om dette spørsmålet bar preg av at statar har forskjellige prioriteringar. Det går eit skilje mellom de som fokuserer på «rule of law» på internasjonalt nivå, m.a. Tryggingrådetts ansvar for sjølv å overhalde rettsstatsprinsippa. På den andre sida finn vi statane som fokuserer på bygging av nasjonale rettsstatar og styrking av justissektoren på nasjonalt plan.

Diskusjonen i 6. komité i år bar preg av stor usemje om korleis statane ønskjer å følgje opp temaet etter høgnivåmøtet. Statar som ønskjer å fokusere på «rule of law» på nasjonalt nivå, tok til orde for at høgnivåmøtet skulle vise at temaet er altomfattande og har innverknad på og samanheng med både fremjing av fred og tryggleik, menneskerettar og utvikling. Desse statane meiner at temaet frå no av bør behandlast i plenum i Generalforsamlinga og ikkje i 6. komité.

Statane som ønskjer å fokusere på «rule of law» på internasjonalt nivå, går imot diskusjonen om «rule of law» på nasjonalt nivå, som dei meiner er ei intern sak for ein stat. Dei ser ikkje noko behov for og ønskjer ikkje å flytte diskusjonen ut av 6. komité. Frå norsk side ønskjer vi å bidra til at FN og medlemsstatane kan bidra til å styrkje rettsstatsprinsippa på alle nivå.

Viktige spørsmål i rapporten frå Folkerettskommisjonen var m.a. immunitet for statstilsette, utvising av utlendingar, kva verknader væpna konflikhtar har på traktatar, plikta til å utlevere eller straffefølgje, reservasjonar til traktatar og vern av individ ved katastrofar. Det vart halde fleire fellesnordiske innlegg under dagsordenpunktet om rapporten frå Folkerettskommisjonen.

Utanriksdepartementet

t i l r a r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet 14. juni 2013 om Noregs deltaking i den 67. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 66. generalforsamlinga i FN vert send Stortinget.

Vedlegg 1

Noregs hovudinnlegg i generaldebatten under FNs 67. generalforsamling

President

Eksellensar, mine damer og herrar

Leiarskap handlar om å ta val.

Det handlar om å ta rett avgjerd til rett tid og om å ha styrken til å levere resultat i samsvar med dette.

Det handlar om å ha viljen til å bidra til å skape ei framtid for enkeltmenneske, nasjonar og kloden. Og det handlar om å ha mot til å søkje fred med fienden, som Yitzhak Rabin ein gong lærte oss.

Leiarskap handlar òg om å leggje til rette for at folk kan velje korleis dei vil leve livet sitt. Fridom handlar om meir enn reint fråvere av fysiske eller juridiske hindringar.

President

Sjølve føremålet med FN er å styrkje fridomen for alle menneske:

- fridom frå nød,
- fridom frå frykt,
- og fridom til å leve eit verdig liv.

Folk er berre verkeleg frie når dei kan velje korleis dei vil leve livet sitt.

Uavhengig av rase, kjønn eller seksuell orientering.

Ei kvinne må ha fridom til å velje når ho skal få barn, og når ho ikkje skal det.

Fridom frå inngrep, fysisk integritet og rett til å tenkje og seie det ho sjølv vil.

Fridomen som gjer at mødrer og barn overlever fødselen.

Fridomen som gjer at alle barn kan leve eit liv med god helse, få utdanning og gå til skulen utan å vere redde for landminer eller klasebomber.

Fridomen for kvar enkelt mann og kvinne til å organisere seg, ytre seg og seie si meining om samfunnsutviklinga.

Desse fridomane ligg til grunn for utvikling og velferd. Dei gjev menn og kvinner høve til å byggje ei betre framtid for seg sjølve og familiane sine.

Somme kan berre drøyme om desse fridomane.

Men der dei faktisk finst, er dei ofte eit resultat av felles innsats – i familiar, lokalsamfunn, regionar og statar, i tillegg til på globalt plan.

Når alt kjem til alt, er dette grunnen til at vi er her i denne forsamlinga.

I Syria finn det framleis stad massive overgrep. Krisa i landet starta med eit rop om fridom og menneskeverd gjennom fredelege protestar.

Hovudansvaret ligg hjå den syriske regjeringa. Privilegia for dei få kan ikkje lenger stå i vegen for draumane til dei mange.

Regimet til Bashir al-Assad har mista all legitimitet og må gje frå seg makta.

Valden i Syria må stanse.

Sjølv i krig finst det reglar. Alle partar har eit klart ansvar etter den internasjonale humanitærretten. Til alle partar som bryt desse prinsippa, har eg dette å seie:

De har alle eit personleg ansvar.

Når rettferda sigrar, vil de bli stilte til ansvar for lovbrota de har gjort. Ikkje forvent at du vert tilgjeven berre fordi motparten gjorde det same lovbrotet.

President

Då FN vart grunnlagt i San Francisco i 1945, vart det bestemt at det skulle opprettast eit trygingsråd som kunne handle på våre vegner.

Dei faste medlemene fekk vetorett, med den tilliten det inneber.

Den norske delegasjonen var på den tida leidd av Trygve Lie, som seinare vart FNs første generalsekretær. På vegner av landet mitt stemte han for veto retten.

Det same gjorde mange andre små og mellomstore land.

Dette gjorde dei på grunn av den rådande verdsordninga på den tida, men òg fordi dei ville sikre at Rådet skulle ha fullmakt til å ta avgjerdar og handle på våre vegner.

Det var ikkje fordi dei meinte at nokre land var overordna andre.

Difor, og i lys av dei dramatiske hendingane i Syria, har eg følgjande budskap til medlemene av Tryggingrådet:

Folk i den arabiske verda, i Europa, i Asia, i Afrika og i Amerika ser sjokkerte på korleis historia gjentek seg.

Nok ein gong er dei faste medlemene av FN's tryggingråd splitta og dermed ute av stand til å verne menneska på bakken. I mellomtida kan ekstremistar på alle sider fritt drepe, lemleste og valda.

No forventar vi at medlemene av Tryggingrådet handlar. Vi forventar at de legg vekk gamaldagse idéar om nullsumspel og maktsfærar, og at de legg vinn på å finne ei felles haldning.

Det er gytt nok blod.

Historia dømmer hardt dei som vel feil side.

Ikkje lat snevre eigeninteresser stå i vegen for endringane som det store fleirtalet i denne forsamlinga helsei velkomne.

Syrias president Assad var ikkje nøydd til å velje konflikt og konfrontasjon – han kunne ha gått for kompromissvilje og samarbeid.

Andre stader i verda vert det teke heilt andre val.

President

I dag, i denne forsamlinga, har vi høyrte at den reformvennlege presidenten i Myanmar, Thein Sein, opnar døra til eit fritt og demokratisk Myanmar. Eg vil få rose den myanmarske regjeringa for motet dei har vist.

Eg vil òg få rose motet til Daw Aung San Suu Kyi. Ho har valt å gå i dialog med dei same menneska som heldt ho innesperra.

I dag, i Addis Abeba, har leiarane i Sudan og Sør-Sudan valt å gjere slutt på ein blodig konflikt som har øydelagt livet til innbyggjarane der i tiår.

Sudan og Sør-Sudan har nok ein gong vore på randen av krig, men då dei underteikna avtalen i dag, valde dei fred. Vi helsar Den afrikanske unionen, som i nært samarbeid med Tryggingrådet har bidrege til å gjere dette mogeleg.

I Colombia har regjeringa og representantar for FARC teke det kloke valet å gå inn i formelle forhandlingar for å få slutt på nok ein langvarig konflikt.

President

Som Noregs utanriksminister er eg formann i gjevarlandsgruppa for palestinarane (AHLIC), som gjev støtte til dei palestinske styresmaktene. Vi møttest i førekant av denne generalforsamlinga.

Eg vil få dele den djupe uroa eg kjenner over situasjonen i forholdet mellom Israel og Palestina.

For nøyaktig eitt år sidan vart vi her i New York samde om at den palestinske statsbygginga hadde kome så langt at statsinstitusjonane no var på plass.

Det vart skapt store forventingar, som deretter vart gløymde.

Tida er i ferd med å renne ut. Fortare enn mange ser ut til å forstå.

Den palestinske befolkninga lir no under langvarig slitasje. Dei kan snart byrje å sjå seg om etter andre løysingar, løysingar som i stor grad ville skade framtidsutsiktene for både palestinarar og israelarar.

Eg ser den same typen slitasje hos dei landa som finansierer dei palestinske styresmaktene.

Tostatsløysinga er den einaste vegen mot varig fred. Men utsiktene til å få oppretta ein palestinsk stat som byggjer på tostatsløysinga, vert svekte etter kvart som dei israelske busetjingane aukar. Desse handlingane er den viktigaste hindringa for fred og må no stansast.

Dersom vi skal få fredsprosessen tilbake på sporet, må vi kome ut av blindgata vi no er inne i, og skape ny tillit til ein politisk visjon som byggjer på sluttstatusspørsmåla. Forhandlingar er nøkkelen til å lukkast her. Dei *må* starte no.

President,

Leiarskap handlar òg om tillit.

Dersom vi skal nå måla vi har sett oss, trenger vi eit sterkt FN. Eg vil få heidre den utrøyttleige innsatsen Generalsekretæren gjer for å gjennomføre reformer av dei interne arbeidsmåtane i organisasjonen.

Vi har valt ein generalsekretær som skal leie oss. Då må vi gje han høve til å gjere nettopp det. Det finst ingen moderne organisasjonar der det ville fungere med detaljstyring av det som bør ligge hos toppleiaren. Dette gjeld òg for FN.

President, for å avslutte:

Leiarar har reelle val.

Leiarar har reelt ansvar.

Menneska skapar si eiga framtid.

Viss vi ikkje klarer å løyse dei mest kritiske utfordringane i samtida, skadar ikkje dette berre dei som allereie lever i fattigdom, krig eller undertrykking. Det tek òg frå folk trua på at dei kan forme si eiga framtid.

Og denne trua, trua på oss sjølve og kvarandre, er det som vil gjere det mogeleg for alle å oppnå fridom frå nød, fridom frå frykt og fridom til å leve eit verdig liv. Det er sjølve føremålet med leiargjeringa vår.

Takk.

Vedlegg 2

Oversikt over Noregs innlegg under den 67. generalforsamlinga i FN

Plenum:

- Høgnivåmøtet om rettstryggleik. Halde av Finland på vegner av Norden. 24.09.12
- Høgnivåmøtet om berekraftig energi for alle. 24.09.12
- Høgnivåmøtet om seksuell og kjønnsbasert vald i konflikt. 25.09.12
- Høgnivåmøtet om fredsbygging og vegar til berekraftig fred og tryggleik. 25.09.12
- Høgnivåmøtet om kjønnsaspekta ved nedrusting, våpenkontroll og ikkje-spreiing. 25.09.12
- Høgnivåmøtet om Sahel. 26.09.12
- Minitoppmøtet om Somalia. 26.09.12
- Noregs hovudinnlegg. 27.09.12
- Minitoppmøtet om Sudan og Sør-Sudan. 27.09.12
- Høgnivåmøtet om kjernefysisk terrorisme. 28.09.12
- Dei internasjonale krigsforbrytardomstolane for Rwanda og Jugoslavia. 15.10.12
- Rapporten frå Den internasjonale domstolen i Haag (ICJ). 01.11.12
- Den internasjonale straffedomstolen (ICC). Halde av Sverige på vegner av Norden. 01.11.12
- Stemmeforklaring ved oppgradering av Palestina status i FN. 29.11.12
- Palestina-spørsmålet. 30.11.12
- Møte i ad hoc-komiteen for annonsering av frivillige bidrag til FNs hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar i Midtausten (UNRWA). 04.12.12
- 30-årsjubileet for havrettskonvensjonen. 10.12.12
- Hav, havrett og berekraftig fiskeri. 11.12.12
- Høgnivåmøtet om FNs nødhjelpsfond (CERF). 11.12.12
- Møtet om styrkt koordinering av FN-assistanzen ved humanitære kriser og katastrofar. 13.12.12
- Møtet om styrking av FN-systemet: sivil kapasitet etter konflikt. 17.12.12

1. komité:

- Høgnivåmøtet om organisering for forbod mot kjemiske våpen. 01.10.12
- Hovudinnlegg om nedrusting. 12.10.12
- Tematisk debatt om kjernevåpen. 18.10.12
- Tematisk debatt om andre masseødeleggingsvåpen. 22.10.12
- Tematisk debatt om konvensjonelle våpen. 23.10.12
- Tematisk debatt om nedrustingsmaskineriet. 01.11.12

2. komité:

- Hovudinnlegg. 08.10.12
- Operasjonelle utviklingsaktivitetar. 15.10.12
- Oppfølging og gjennomføring av utfallet frå den internasjonale konferansen om finansiering for utvikling (FfD) og gjennomgangskonferansen i 2008. 22.10.12
- Berekraftig utvikling. 07.11.12

3. komité:

- Ungdomsinnlegg om sosial utvikling, mellom anna den sosiale situasjonen i verda, ungdom, eldre, funksjonshemma og familien. 08.10.12
- Sosial utvikling, mellom anna den sosiale situasjonen i verda, ungdom, eldre, funksjonshemma og familien. 08.10.12
- Kriminalitetsførebygging og strafferettshandheving. 10.10.12
- Fremjing av kvinner. 15.10.12
- Fremjing og vern av barns rettar. 18.10.12
- Utrydding av rasisme, rasistisk diskriminering, framandfrykt og relatert intoleranse. 05.11.12
- Generaldebatten om menneskerettar. 06.11.12

4. komité:

- FNs hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar i Midtausten (UNRWA). 06.11.12

Noregs deltaking i den 67. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN)
og vidareførte sesjonar av den 66. generalforsamlinga i FN

- Introduksjon av rapporten til arbeidsgruppa for finansiering av FNs hjelpeorganisasjon for palestinske flyktningar i Midtausten (UNRWA). 06.11.12
 - Grundig gjennomgang av alle sider ved spørsmålet om fredsbevarande operasjonar. 08.11.12
5. komité:
- Personalspørsmål (administrering av menneskelege ressursar). 21.11.12
 - Sivile kapasitetar. 07.12.12
6. komité:
- Tiltak for å eliminere internasjonal terrorisme. 08.10.12
 - Straffeansvar for FN-tilsette og -ekspertar i felt. 12.10.12
 - Rapporten frå FNs kommisjon for internasjonal handelsrett (UNCITRAL). Halde av Norge på vegner av Norden. 15.10.12
 - Rettsstatsprinsippet på nasjonalt og internasjonalt nivå («Rule of Law»). Halde av Finland på vegner av Norden. 17.10.12
 - Omfanget og bruken av prinsippet om universaljurisdiksjon. 17.10.12
 - Vern av diplomatiske og konsulære stasjonar. Halde av Finland på vegner av Norden. 22.10.12
 - Statusen for tilleggsprotokollane til Genèvekonvensjonen. Halde av Sverige på vegner av Norden. 22.10.12
 - Rapporten frå Folkerettskommisjonen (ILC). Halde av Danmark på vegner av Norden. 01.11.12
 - Rapporten frå Folkerettskommisjonen (ILC). Halde av Noreg på vegner av Norden. 02.11.12
-

Vedlegg 3

Noregs hovudinstruks til den 67. generalforsamlinga i FN

FNs 67. generalforsamling vert innleidd med høgnivåveka 24.–28. september 2012. Fleire regjeringsmedlemer vil vere med i den norske delegasjonen under leiing av statsministeren. I år skal det haldast høgnivåmøte om rettsstatsprinsipp («rule of law») nasjonalt og internasjonalt. Andre spørsmål som er venta å verte sentrale for Noreg, er situasjonen i Nord-Afrika og Midtausten, Sudan og Sør-Sudan, Myanmar, forhandlingar om FN-s bidragsskala, oppfølginga av FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20), tusenårsmåla med hovudvekt på måla om å redusere barnedødstal og betre mødrehelsa og rammeresolusjonen for utviklingsverksemda til FN.

Overordna prioriteringar for deltakinga til Noreg

Dei overordna prioriteringane frå regjeringa for Noregs arbeid i FN er nedfelte i den politiske plattformen for fleirtalsregjeringa 2009–2013 (Soria Moria II), stortingsdokument og debattar, i tillegg til talar frå politisk leiing.

Menneskerettar, likestilling og rettferdig fordeling er tverrgående omsyn.

Rettsstatsprinsipp – Rule of Law

Rettsstatsprinsipp er temaet for høgnivåveka i år gjennom heildagsdebatten 24. september. Utviklinga i Nord-Afrika og Midtausten har gjort temaet meir aktuelt. Mange land går gjennom politiske og konstitusjonelle reformer, og Noreg må vere med på å stille krav til rettsgrunnlaget for politisk makt og deltaking og tillit til rettsstatsinstitusjonane. Rettsstatsprinsipp, mellom anna grunnleggjande tryggleik for personar og eigedom, er sjølv hjørnesteinen i all utvikling. Arbeidet for å fremje og sikre rettsstatsprinsipp er òg nært knytt til arbeidet for å sikre nasjonal gjennomføring av menneskerettane. Noreg har tradisjon for å yte bistand til statar med svak justissektor og land med behov for reform av tryggingsektoren, ikkje minst land som er på veg ut av krig og konflikt. Vi vil vere med på å prege debatten i FN om desse spørsmåla, og difor er det bestemt at årets Trygve Lie-symposium skal handle om situa-

sjonen for moderne rettsstatsprinsipp i land som går gjennom politiske endringar.

FN-leiinga, reform og budsjett

Noreg er oppteken av at FN skal arbeide effektivt og resultatorientert. Det andre femårsprogrammet til Generalsekretæren legg stor vekt på å gjere organisasjonen meir effektiv, og Noreg støttar ambisjonane hans. Dette inkluderer å reformere budsjettprosessen i FN og forbetre personalforvaltninga slik at stillingar kan flyttast og fyllest raskt når behova endrar seg.

FN bør stadig forbetre samordninga av innsatsen i medlemslanda. Vidare er det behov for betre tryggleik for FN-personell. Vi skal vere pådrivarar for at dei finansielle ressursane til FN, som kjem frå dei pliktige bidraga medlemslanda betaler, og det administrative oppsettet står i forhold til dei oppgåvene medlemslanda har pålagt organisasjonen å gjennomføre. Noreg skal arbeide for ei meir rettferdig byrdefordeling i forhandlingane om dei pliktige bidraga til FN. Dette betyr at land med vedvarande god økonomisk utvikling bør betale auka bidrag til FN. Noreg vil òg arbeide for eit breiare økonomisk grunnlag for utviklingsverksemda til FN generelt.

Noreg skal opptre konstruktivt og kritisk overfor ressursbruken i FN med sikte på sterkare resultatbasert leiing, gode rapporteringsrutinar og meir målbare oppnådde resultat. Noreg skal arbeide for at FN held fram med å fremje tiltak mot økonomisk utruskap, sikrar ein kultur for ansvarskjensle og styrkjer innsatsen for tilsyn og kontroll. Det aktive engasjementet for betre FN-leiing på landnivå skal vidareførast gjennom arbeidet med tilrådingane frå FN-reformpanelet, integrerte fredsoperasjonar og den humanitære endringsagendaen, via konsultasjonsprosessar, forhandlingar og omfattande dialog med sentrale utviklingsland, i tillegg til auka inkludering av sivil samfunn og privat sektor. Noreg vil spesielt arbeide for at prosessen kring den nye rammeresolusjonen for utviklingsverksemda i FN bringar reformprosessen vidare.

Som ledd i oppfølginga av FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20) skal det setjast i gang prosessar i generalforsamlinga om både struktur, mandat og funksjonar for eit nytt forum for berekraftig utvikling og om tiltak for ei styrking/oppgradering av FN's miljøprogram (UNEP).

Berekraftig utvikling (miljømessig, økonomisk og sosial)

Noreg skal vere ein pådrivar for alle tusenårsmåla fram mot og etter 2015. Tusenårsmåla om mødre-helse, universell tilgang til reproduktive helsetenester og reduksjon av barnedødstal er særskilte satsingsområde for Noreg, mellom anna ved at statsministeren leier FN-kommisjonen for livsviktige medisinar for kvinner og barn saman med presidenten i Nigeria.

Noreg skal fremje resultata frå FN-konferansen om berekraftig utvikling (Rio+20). Noreg skal spesielt arbeide for utvikling av globale berekraftsmål som kan mobilisere til internasjonalt samarbeid for berekraftig utvikling, etter mønster av tusenårsmåla.

Noreg skal arbeide for ein progressiv utviklingspolitisk dagsorden etter 2015 som fremjar fattigdomsreduksjon, rettferdig fordeling, berekraftig utvikling, likestilling og kvinners rettar. Noreg vil òg arbeide for at menneskerettsperspektivet vert inkludert på ein god og dekkjande måte, både i den utviklingspolitiske dagsordenen etter 2015 og i rammeresolusjonen for utviklingsverksemda i FN. Vi legg spesielt vekt på initiativet frå Generalsekretæren om berekraftig energi for alle og regjeringas eige energi- og klimainitiativ, Energy+, som middel til å levere under dette initiativet, i tillegg til at det i Energy+ vert lagt vekt på privat sektor og resultatbasert finansiering.

Fred og tryggleik

Engasjementet for å styrkje evna i FN til å førebyggje og løyse væpna konflikhtar og til å fremje langsiktig fredsbygging gjennom FN-leidde operasjonar skal førast vidare. Det skal framhevast at kvinner må ta del i fredsmekling og i konsolidering av fredsprosessar. Noreg skal vere ein pådrivar for gjennomføring av tryggingrådsresolusjonane om vern av sivile, barn og kvinner i væpna konflikt og ansvaret for å beskytte. Dette inkluderer dei tematiske debattane i Tryggingrådet om kvinner, fred og tryggleik, seksualisert vald, barn i væpna konflikt og vern av sivile.

Responsen frå FN på situasjonen i Syria, Sudan/Sør-Sudan, Myanmar og Afghanistan skal

prioriterast. Noreg skal arbeide for eit meir ope og effektivt tryggingråd, mellom anna reform av arbeidsmetodane. Engasjementet for ein ny dynamikk i det mellomstatlege nedrustingsmaskineriet i FN med særskilt vekt på å motverke dei humanitære skadeverknadene ved visse våpentypar skal følgjast opp.

Noreg skal støtte opp om reforminitiativ for å effektivisere fredsoperasjonane til FN der militæret, politi og sivile kapasitetar utfyller kvarandre. Vidare skal tidleg fredsbygging som ein integrert del av fredsoperasjonar fremjast, særleg tryggingssktorreform og utvikling av rettsstaten i land som har vore ramma av konflikt. Noreg skal framheve kor viktig det er at FN møter trygging utfordringar som grenseoverskridande kriminalitet, terrorisme og piratverksemd på ein meir heilskapleg måte. Støtta til gjennomføringa av handlingsprogrammet til avtalen om ikkje-spreiing av atomvåpen med full avskaffing av kjernevåpen som overordna målsetning skal vidareførast. Det skal rettast særleg fokus mot følgjene av bruk av atomvåpen og mot dei institusjonelle utfordringane som er knytte til det multilaterale nedrustingsmaskineriet.

Likestilling og ikkje-diskriminering

Kvinnens rettar og likestilling er ei norsk merkesak. Noreg held fram som styremedlem i UN Women og er ein av dei største finansielle bidragsytarane. Likestilling som makroøkonomisk produktivitetsdrivar skal framhevast. Overgrep mot kvinner, kvinners rett til reproduktiv helse og arbeidet for avkriminalisering av abort vil stå sentralt. Det er auka press mot kvinners rettar og likestilling i FN-fora, særleg når det gjeld seksuell og reproduktiv helse og rettar (SRHR). Difor vil Noreg bygge alliansar og motarbeide alle forsøk på å svekkje framforhandla tekstar som fremjar likestilling og kvinners rettar. Noreg vil arbeide for å sikre at 20-årsmarkeringa av Beijing-konferansen i 2015 bidreg positivt til å fremje likestilling og kvinners rettar. Politisk deltaking og makt for kvinner, i tillegg til lik rett til utdanning og økonomisk utvikling, skal prioriterast.

Menneskerettar

Noreg skal spele ei leiande rolle i arbeidet med resolusjonen om dødsstraff. Vi skal arbeide for at resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Iran får auka oppslutning, og for ei konstruktiv handtering av den tradisjonelle landresolusjonen om Myanmar i lys av den positive politiske utviklinga

det siste året. Avhengig av utviklinga i Syria skal Noreg vidareføre engasjementet for resolusjonar som kastar lys over menneskerettssituasjonen i landet. Vidare skal Noreg vere ein aktiv støttespelar til den danske resolusjonen om kampen mot tortur, den svenske resolusjonen om utanomrettslege avrettingar og den mexicanske resolusjonen om vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme. Saman med nordiske land skal Noreg følge opp FN's arbeid med å styrke traktatorgana for menneskerettsskonvensjonane. Den leiande rolla i kjernegruppa for fremjing av rettane til lesbiske, homofile, biseksuelle og transseksuelle (LHBT) skal vidareførast, og kampen mot religiøs intoleranse og rasisme og for ytringsfridom vil ha høg prioritet. Situasjonen for barn og unge skal prioriterast der det er relevant.

Humanitære spørsmål

Noreg skal jobbe for at humanitære prinsipp vert oppretthaldne. Samtidig må ansvaret landa sjølve har for førebygging og handtering av humanitære kriser kome meir i sentrum. Noreg vil framleis vere ein av dei næraste samarbeidspartnarane og støttespelarane til FN i humanitære kriser og arbeide for at det humanitære systemet i FN får ein breiare krets av støttespelarar og samarbeidspartnarar, både blant medlemslanda i FN, regionale organisasjonar og i privat sektor. Vi vil òg stille krav til effektivisering av kontoret for samordning av humanitære aktivitetar (OCHA) og det internasjonale humanitære systemet.

Fremjing av lov og rett

Arbeidet med å styrkje internasjonal strafferett skal framleis prioriterast. Dette medfører m.a. slutføring av dei fastlåste forhandlingane om ein heilskapleg antiterrorkonvensjon og diskusjonen om «universaljurisdiksjon». Det er viktig at debatten om sistnemnde tema ikkje sporar av eller reduserer evna verdssamfunnet har til å hindre dei alvorlegaste brotsverka.

Arbeidet i Folkerettskommisjonen skal som alltid følgjast, særleg spørsmålet om immunitet for statsoverhovud og dei delane som har direkte relevans for norske kjerneinteresser.

Havretts- og fiskerispørsmål er høgt prioriterte. Ei styrking av systemet i havrettskonvensjonen (HRK) som den overordna rettslege ramma for alle tiltak i havsektoren vil vere et hovudomsyn frå

norsk side. Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ansvarsfull kyststat som lojalt støttar opp om og gjennomfører FN's havrettskonvensjon, og som ein forsvarleg forvaltar av dei levande ressursane i havet. Når det gjeld fiskerispørsmål, vil mattryggleik, botnfiske og arbeid mot ulovleg og uregulert fiske framleis stå sentralt. Innanfor havrettsspørsmål omfattar norske prioriteringar arbeidsgruppa om vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald i havområde utanfor nasjonal jurisdiksjon, der ein mellom anna diskuterer spørsmålet om utvikling av ein eventuell ny avtale under havrettskonvensjonen om miljø og genetiske ressursar i havet i område utanfor nasjonal jurisdiksjon, sikring av legitimiteten og effektiviteten til arbeidet i Kontinentalsokkelkommisjonen, kapasitetsbyggingstiltak for utviklingsland, kamp mot piratverksemd og fremjing av polarkoden som er under utvikling i Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO).

Narkotika og terrorisme

Noreg skal støtte FN i gjennomføringa av den globale antiterrorstrategien og delta aktivt i arbeidet fram mot tilsynskonferansen. Noreg vil arbeide for at vern av menneskerettar skal vere ein integrert del av alle dei fire søylene i strategien. I tillegg skal vi arbeide for ein sterk referanse til ein gjennomføringsmekanisme for konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet.

Arbeidet med resolusjonen om narkotika som vert fremja av Mexico, skal vidareførast. Vi skal fremje tiltak for å motverke grenseoverskridande organisert kriminalitet og redusere evna narkotikahandelen har til å undergrave stabilitet og utvikling.

Nordisk FN-samarbeid

